




# Tokke

## ÅRSMELDING FOR 2022

*Tokke kommune «kompetanse,  
kraft og kultur»*



Åmlivatn, mellom Lårdal og Høydalsmo

## Innhald

<b>Kommunedirektørens innleiing .....</b>	<b>6</b>
<b>Politisk styring.....</b>	<b>7</b>
<b>Del 1: Økonomi og personal .....</b>	<b>9</b>
<i>Rammetilskot frå staten .....</i>	11
<i>Konsesjonskraftsalet.....</i>	11
<i>Konsesjonsavgifter.....</i>	11
<i>Driftsresultat.....</i>	11
<b>Balansen.....</b>	<b>12</b>
<i>Omløpsmidlar - finansforvaltning.....</i>	12
<i>Tap på krav.....</i>	14
<i>Anleggsmidlar.....</i>	14
<i>Likviditet.....</i>	14
<i>Fondsmidlar.....</i>	14
<i>Gjeld.....</i>	15
<i>Pensjonsansvar.....</i>	16
<b>Sjølvkost.....</b>	<b>16</b>
<b>KOSTRA (KOmmunal og STatleg RApportering).....</b>	<b>16</b>
<b>Driftsresultat .....</b>	<b>17</b>
<b>Personalstoda.....</b>	<b>17</b>
<i>Tiltak for å sikre høg etisk standard .....</i>	17
<i>Kjønnsfordeling blant dei tilsette .....</i>	17
<i>Likestilling og diskriminering.....</i>	18
<i>Sjukefråvær .....</i>	19
Historikk sjukefråvær .....	19
Arbeidsmiljø .....	20
Internkontroll .....	20
Avvik .....	20
Utfordringar .....	21
Premiss .....	21
<b>Del 2: Årsmelding frå planområda .....</b>	<b>22</b>
<b>PLANOMRÅDE 1 - sentraladministrasjonen .....</b>	<b>22</b>
<i>Personale, stillinger og kompetanse .....</i>	22
<i>Nærvær/sjukefråvær .....</i>	23
<i>Økonomi.....</i>	23
<i>Handlingsprogram .....</i>	24

<b>Tenestene .....</b>	<b>24</b>
<b>NAV Vest-Telemark.....</b>	<b>26</b>
Personale, stillingar og kompetanse .....	26
Nærvær/sjukefråvær .....	26
Handlingsprogram .....	26
Tenestene .....	27
Kvalifiseringsprogram.....	27
Gjeldsrådgjevar .....	27
Utfordring .....	30
<b>VTDS.....</b>	<b>31</b>
Økonomistatus .....	31
Økonomiplantiltak.....	31
Sjukefråvær.....	31
Årsmelding .....	31
Driftsmål 2022 .....	33
<b>PLANOMRÅDE 2 – Oppvekst, kultur og idrett .....</b>	<b>34</b>
<b>Personalstoda .....</b>	<b>34</b>
<b>Personale, stillingar og kompetanse .....</b>	<b>34</b>
<b>Nærvær/sjukefråvær .....</b>	<b>35</b>
<b>Økonomi.....</b>	<b>35</b>
<b>Kostra.....</b>	<b>36</b>
<b>Handlingsprogram .....</b>	<b>37</b>
<b>Tenestene .....</b>	<b>39</b>
Dalen barnehage.....	39
Høydalsmo barnehage.....	39
Byrte barnehage.....	40
Åmdals Verk barnehage.....	41
Tokke skule.....	42
Høydalsmo skule.....	43
Kulturskulen .....	44
Vaksenopplæringa/flyktningtenesta .....	45
Frå haldning til handling .....	45
Ungdomsklubben .....	46
BTI.....	46
Biblioteket.....	46
<b>Utfordringar i etaten frametter.....</b>	<b>47</b>
<b>PLANOMRÅDE 3 – Helse og omsorg.....</b>	<b>48</b>

<b>Generelt .....</b>	<b>48</b>
<b>Personale, stillingar og kompetanse .....</b>	<b>48</b>
<b>Nærvær/sjukefråvær .....</b>	<b>49</b>
<b>Økonomi.....</b>	<b>49</b>
<b>KOSTRA.....</b>	<b>51</b>
<b>Handlingsprogram .....</b>	<b>53</b>
<b>Tenestene .....</b>	<b>54</b>
Smitte og smittespreiing.....	54
Legeteneste .....	54
Legevakt:.....	55
Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering .....	55
Ergoterapitenesta.....	56
Psykisk helse og rus.....	56
Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmor.....	57
Institusjon .....	58
Heimetenesta.....	60
Heimehjelp .....	60
Heimevaktmeistar .....	61
Dagavdeling .....	61
Åheim bufellesskap.....	62
Kjøken.....	63
<b>Utfordring i etaten frametter.....</b>	<b>63</b>
<b>PLANOMRÅDE 4 - PNT .....</b>	<b>64</b>
<b>Personalstoda .....</b>	<b>65</b>
<b>Nærvær/sjukefråvær .....</b>	<b>65</b>
<b>Økonomi.....</b>	<b>66</b>
Næring og samfunnsutvikling .....	67
<b>Jordbruk.....</b>	<b>69</b>
Tilskot etter landbruksplan.....	69
Statlege ordningar – SMIL, drenering og tiltak i beiteområde.....	69
Forvaltningsoppgåver etter konsesjonslov og jordlov .....	70
Anna.....	70
<b>Skogbruk.....</b>	<b>70</b>
Utmark .....	70
Klima og miljø .....	70
Forvaltning og drift av kommunen sine utmarkseigedomar.....	71

<b>Reiseliv.....</b>	<b>71</b>
<b>Kart og oppmåling .....</b>	<b>71</b>
<b>Byggesak .....</b>	<b>71</b>
<b>Bygg .....</b>	<b>72</b>
<b>Investering egedomsavdeling .....</b>	<b>72</b>
<b>Reinhold .....</b>	<b>73</b>
Avvik egedomsavdeling .....	73
<b>Brann.....</b>	<b>73</b>
Avvik brann og redning .....	73
<b>Drift kommunal veg .....</b>	<b>74</b>
Avvik kommunal veg.....	74
Investering kommunal veg og uteanlegg.....	74
<b>Maskiner og Maskinplan .....</b>	<b>74</b>
<b>Vatn og avlaup.....</b>	<b>74</b>
Drift generelt .....	74
Avvik vatn og avlaup.....	75
Utfordringar- planar 2022.....	75
Investeringsprosjekt.....	75
<b>Utfordring i etaten frametter.....</b>	<b>75</b>
<b>INVESTERINGSBUDSJETTET .....</b>	<b>76</b>
<b>Vedlegg nr. 1: Saker til handsaming i kommunestyret .....</b>	<b>80</b>
<b>Vedlegg nr. 2: Saker til handsaming i formannskapet .....</b>	<b>84</b>
<b>Vedlegg nr. 3: Status i planstrategien.....</b>	<b>88</b>



*Hommefossen*

## Kommunedirektørens innleiing



Kommunedirektøren legg med dette fram årsmeldinga for 2022. Årsmeldinga tek sikte på å imøtekomme krava til kommunelova § 14-7. Utover det er det for det enkelte tenesteområde gitt ei meir utførleg utgreiing for kva slag tenester som produserast, omfang og utvikling.

Årsmeldinga er eit sentralt styringsdokument.

Kommunedirektørens leiargruppe har derfor lagt vekt på å presentere den informasjonen som ein meiner er relevant for kommunestyret i deira overordna styring av kommunens økonomi og tenesteproduksjon. Det er som tidlegare gjort greie for avvik mellom budsjett og rekneskap.

Folketalet auka med 58 personar i 2022, 2,71%. Folketalet var ved utgangen av året 2 198 innbyggjarar.

Netto driftsresultat i kommunen er på 12,5% (50,4 mill.), noko som er over målet på 3%. Avsetjinga til disposisjonsfond er soleis 48,9 mill. Likevel er ikkje målet på frie disposisjonsfond nådd. Dersom ein held bufferfondet utanom, manglar det 13 mill. ved årsskiftet. Bufferfondet må haldast utanom, det er tiltenkt å nyttast i framtida for å unngå nedskjering midt i eit driftsår. Det følgjer av intensjonen då bufferfondet blei oppretta.

Den største utfordinga for kommunen er å skaffe personell til stillingar som krev høgskule/universitetsutdanning. Det er stort sett vanskar med å skaffe personell i alle yrkesgrupper som krev høgare utdanning.

Tiltaka som kommunestyret vedtok våren 2022 har svært få nytt seg av. Tiltak med vidareutdanning som sjukepleiar på Rauland var det ingen frå Tokke som fekk plass på. Det blir paradoksalt at når me har mangel på sjukepleiarar, både regionalt og nasjonalt, er det kvalifiserte søkerar som ikkje får plass.

Eg vil også nytte høve til å takke politikarane for godt samarbeid og konstruktiv dialog gjennom heile året, der eg føler vi har ei felles haldning omkring styring av kommunen vår - til det beste for innbyggjarane, næringslivet og tilreisande.


Kommunedirektøren vil takke alle for innsatsen i 2022.

Dalen 31.03.23

Finn Arne Askje  
kommunedirektør

## Politisk styring

Tokke kommune har framleis same oppbygging av den politiske strukturen. Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Det har mynde som organ, ikkje som enkeltrepresentantar. Ordførar er kommunens fremste representant og leier kommunestyret. Kontrollutvalet utøver kontroll på vegne av kommunestyret. Kommunen har fire hovudutval: Formannskapet, helse- og sosialutvalet, utval for oppvekst, kultur og idrett (OKI) (tidlegare oppvekstutval) og utval for landbruk, miljø og teknisk (LMT) (tidlegare utviklingsutvalet). I tillegg til utvala og Formannskapet har me rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og eldreråd.



Kommunestyret har 21 representantar. I denne perioden har SP ordføraren og utgjer posisjonen saman med MDG. Jarand Felland (SP) er ordførar og Benedikte Nes (MDG) er varaordførar.

Leiar av OKI utvalet: Geir Arild Djuve (SP)  
Leiar av HS utvalet: Ellen Ofte Jacobsen (KrF)

Leiar av LMT utvalet: Jon Aslak Austjore (SP)



Jarand Felland, ordførar



Benedikte Nes, varaordførar



Geir Arild Djuve, leiar OKI



Ellen Ofte Jacobsen, Leiar HO



Jon Aslak Austjore. Leiar LMT



Kommunestyret 2019-2023

### Tal på saker til politisk handsaming:

Utval	Talet på saker	Talet på referatsaker
Kommunestyret	110	32
Formannskapet	127	48
LMT	50	261
HO	21	19
OKI	37	9

## Del 1: Økonomi og personal

Kommunerekneskapen for 2022 syner eit **netto driftsresultat på 12,5%, kr 50,4 mill.** (all time high venteleg) og netto **avsetjing til disposisjonsfond på kr 48,9 mill.** Dette etter nye rekneskapsreglar der eit mindreforbruk i rekneskapen skal setjast av på disposisjonsfond. Denne avsetjinga er altså på kr 48,9 mill. for 2022, 7,2 mill. meir enn revidert budsjett – 35 mill. meir enn opphavleg budsjett. Resultatet er sett saman av litt meirforbruk på planområda og meirinntekter frå fellesinntekter – då særleg kraftinntekter og rammetilskot.

Kommunestyret sitt måltal på 3% netto driftsresultat er såleis nådd med stor margin i 2022. Resultatet er litt kunstig stort sidan det også i 2022 er inntektsført eit stort netto premieavvik pensjonar, kr 5,5 mill. Dette gjer også til at lønsbudsjettet og –utgiftene er i balanse, men kr 11 mill. høgare enn i 2021. Merk og at planområda er tilført ekstra budsjettmidlar med kr 16 mill. i 2022.

Tabell 1 syner at netto løn- og sosiale utgifter auka med 5,7% i høve til 2021.

Pensjonsutgiftene aukar med 12,4%. Andre driftsutgifter auka med 14,9% i høve til 2021 medan totale driftsutgifter gjekk opp med 9,1%. Driftsinntektene aukar med gode 15% i høve til 2021 og er kr 26,5 mill. høgare enn budsjettet. Dette har samanheng med svært store inntekter frå konsesjonskraftsal, skatt og rammetilskot og andre refusjonar og overføringer, kr 57,5 mill. større enn opphavleg budsjettet.

**Tabell 1**

<b>Oversyn driftsutgifter og -inntekter, ekskl. bruk og avsetjing fond og avskriving:</b>				
(1000 kr)	R-2022	%-2021-22	Rev. b-2022	R-2021
Lønsutgifter:				
Brutto lønsutgifter	<b>178 811</b>	6,4	167 455	168 087
Pensjonsutgifter	<b>17 762</b>	12,4	19 870	15 802
Arbeidsgjevaravgift	<b>19 367</b>	5,3	18 245	18 389
Sum	<b>215 940</b>	6,8	205 570	202 278
Refusjon sjukeløn m.m.	<b>-12 167</b>	28,3	-	-9 481
Netto lønsutgifter	<b>203 773</b>	5,7	205 570	192 797
Andre driftsutgifter	<b>130 688</b>	14,9	113 929	113 761
Totale driftsutgifter	<b>334 461</b>	9,1	319 499	306 558
Driftsinnt., ekskl. sjukelønsref.	<b>390 126</b>	15,2	363 584	338 639
<b>Totalt brutto driftsresultat, ekskl. avskriving</b>	<b>55 665</b>	-	44 085	32 081
Netto finansutgifter	<b>-5 256</b>	-22,3	-5 390	-6 761
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>50 409</b>	-	38 695	25 320

Tabell 2 under syner at det etter revidert budsjett er budsjettoverskot/mindreforbruk på planområde sentraladm., oppvekst, kultur og idrett og helse og omsorg, medan plan, næring og teknisk har underskot/meirforbruk – til saman netto kr 1,5 mill. i meirforbruk.

Investeringane utgjorde kr 49,9 mill. – 77% er lånefinansiert.

**Tabell 2**

	Netto driftsutgifter ( inkl. fond)				
	Rekneskap 1000 kr.	2022	Rev. budsjett 2022	Budsjett- overskot/ underskot(-)	Investeringar (brutto)
				2022	2022
Sentraladm.	25 947	26 369	422	1 065	
Kyrkjeleg fellesråd	4 351	4 351	0	1 189	
Oppvekst, kultur, idrett	74 282	75 565	1 283	0	
Helse- og omsorg	92 844	93 090	246	258	
Plan, næring, teknisk	40 611	37 199	-3 412	47 390	
Felles	-238 035	-236 574	1 461		
Sum alle planområde	0	0	0	49 902	

Det er prosjektført korona-utgifter og korona-tilskot med netto utgift kr 1,5 mill. i 2022, 2,6 mill. er refundert av staten.

Tabell 3 syner brutto driftsutgifter fordelt på utgiftsartar. Lønsutgiftene utgjer storparten av driftsutgiftene, men noko mindre del enn åra før.

**Tabell 3**

1000 kr.	Brutto driftsutgifter						2020	
	Brutto driftsutg. del	2022		2021		Brutto driftsutg. del		
		%-vis	Budsjett	Brutto driftsutg. del	%-vis			
Løn- og sos. utgifter	215 941	61,4 %	205 571	202 278	63,5 %	196 875	64,7 %	
Skyss- og kost	1 054	0,3 %	2 012	819	0,3 %	787	0,3 %	
Kjøp varer/tenestar til eigenproduksjon	67 152	19,1 %	53 593	50 458	15,8 %	43 069	14,2 %	
Kjøp varer/tenestar - erstattar eigenprod	20 051	5,7 %	23 313	23 634	7,4 %	24 208	8,0 %	
Overføringer	42 431	12,1 %	35 011	38 850	12,2 %	36 178	11,9 %	
Renteutgifter	4 827	1,4 %	3 100	2 423	0,8 %	3 034	1,0 %	
Sum alle planområde/etatar	351 456	100,0 %	322 600	318 462	100,0 %	304 151	100,0 %	

**Skatteinntektene** (inntekts-, formues-, naturressursskatt og eigedomsskatt – **tabell 4**) gjekk ned med kr 9 mill. i 2022 – minus 6,6%. Stor nedgang i eigedomsskatt frå kraftanlegg, dette kan variere mykje frå år til år. Auken i kraftprisane fram til 2019 har positiv effekt på eigedomsskatten, medan stor nedgang i kraftprisane i 2020 hadde motsett effekt i 2022.

Skattedekningsgraden syner kor mykje skatteinntektene dekkjer av eksterne driftsutgifter, dvs. brutto utgifter eksklusive avskrivningar. Det har vore ein negativ trend i fleire år, betring i 2020 og 2021, men stor nedgang i 2022.

**Tabell 4**

	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Inntekts- og formueskatt	69,7	71,5	61,8	60,0	56,0	53,5
Naturressursskatt m.m.	22,7	23,0	23,1	23,2	22,5	22,3
Eigedomsskatt	35,7	42,6	37,2	31,7	32,9	35,2
Netto skatteinntekter	128,1	137,1	122,1	114,9	111,4	111,0
Prosentvis endring	-6,6 %	12,3 %	6,3 %	3,1 %	0,4 %	-3,9 %
Skattedekningsgrad	36,9	43,4	40,6	39,8	41,6	43,5

Skatteinntektene (utanom eigedomsskatt) og rammetilskotet frå staten er ein del av inntektssystemet mellom staten og kommunane, nedgang i skatteinntektene blir såleis avrekna delvis med meir rammetilskot og omvendt.

### **Rammetilskot frå staten**

Rammetilskotet frå staten hadde stor auke i 2022, kr 3 mill. til kr 82,9 mill. frå kr 79,9 mill. i 2021. Korona-midlar er tilført i rammetilskotet med kr 2,4 mill.

### **Konsesjonskraftsalet**

Kraftprisane var høge i 2021 (76,2 øre/kWh), men endå høgare i 2022, og snittet enda på 212,8 øre/kWh – eit historisk høgt nivå. Høgaste årsspot før 2022 var i 2021 med 76,2 øre/kWh. Prognosene for budsjettete inntekter frå sal av konsesjonskraft var i desember 2021 (budsjettmøtet) på kr 22,4 mill. netto. Prognosene blei justera opp i løpet av året til kr 57 mill., og resultatet enda på kr 61,7 mill.

Maksprisen i Tokke på 38 øre gjorde til at straumutgiftene til abonnentane i Tokke var til å leve med. Men kommunen kunne hatt om lag **kr 45 mill.** meir i inntekter om konsesjonskrafa hadde vore sold til full pris. Ein vanleg hushaldskunde i Tokke har spart om lag kr 10 000 i 2022 – om lag 50 øre/kWh i snitt samanlikna med kundar i andre kommunar. Hytteeigarar og næringsliv utan statleg straumkompenasjon har spart om lag 200 øre/kWh inkl. mva. (næringslivet får att mva).

Dei store variasjonane i kraftprisane år om anna tilseier at kommunen bør prognostisere litt varsamt når budsjettet blir lagt.

### **Konsesjonsavgifter**


Avgiftsinntektene var på kr 8,272 mill., Desse inntektene er avsett til kraftfondet (konsesjonsavgiftsfondet) og blir nytta til næringstiltak og avdragsbetaling (kr 4,0 mill.).

### **Driftsresultat**

Nettoresultatgraden i tabell 5 syner kor stor prosentdel av driftsinntektene som er disponibelt etter at drifts- og kapitalutgifter er betala. Dette nykeltalet er og i 2022 særsla bra, pluss 12,5%, og er langt over det som blir rekna som minimumskrav. Styresmaktene reknar dette til 1,75% for kommunane. Kommunestyret sitt måltal er 3%.



Tokke kraftverk

**Tabell 5**

## Balansen

### Omløpsmidler - finansforvaltning

Avkastning av plasserte midler i bank gjekk i 2022 opp vesentleg som følge av renteutviklinga. Gjennomsnittleg rente på bankinnskot etter bankavtala med DNB var i 2022 på 2,38%, jf. tabell 6, noko betre enn referanseindeksen NIBOR 3 mndr., jf. tabell 7. Det er ikkje andre plasseringar enn i bank. Renteutviklinga har vore stigande, men det er usikre tider.

**Tabell 6**

Avkastning i bank	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
%	2,38	0,75	0,98	1,83	1,34	1,62	1,92	2,14

**Tabell 7**

Rapportering for midlar til driftsføremål:		31.12.2020		31.12.2021		31.12.2022	
		Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%
Innskot hjå hovedbank - DNB		59,4	100,0	67,7	100,0	97,2	100,0
Innskot i andre bankar		0	0,0	0	0,0	0	0,0
Samla kortsiktig likviditet		59,4	100,0	67,7	100,0	97,2	100,0
Avkastning sidan 31.12.2021		0,98 %		0,75 %		2,38 %	
Avkastning referanseindeks NIBOR 3 mndr. frå 2021		0,09 %		0,47 %		2,10 %	
Stadfesting av enkelteksponering ≤ 2 % av forvaltningskapital		JA		JA		JA	
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 6 månaders løpetid		Ja		Ja		Ja	
Største tidsinnskot		0		0		0	
Største enkeltpapirpllassering		NOK 59,4 mill.		NOK 67,7 mill.		NOK 97,2 mill.	

Tabell 8 syner at lån med fastrente nå utgjer om lag 15% av lånegjelda, mindre enn finansreglementet krev. Rentekostnadane er noko under referanseindeksen, NIBOR 3 mndr. + 0,6%-poeng er nyttå.

**Tabell 8**

Rapportering - lån:							
		31.12.2020		31.12.2021		31.12.2022	
		Mill. kr	%	Mill. kr	%	Mill. kr	%
Lån med flytande rente	102,70	55,8		117,40	60,3	<b>160,60</b>	<b>68,7</b>
Lån med NIBOR-basera rente	41,70	22,7		39,90	20,5	<b>38,10</b>	<b>16,3</b>
Lån med fast rente *	39,50	21,5		37,30	19,2	<b>35,20</b>	<b>15,0</b>
Finansiell leasing	0,00	0,0		0,00	0,0	<b>0,00</b>	<b>0,0</b>
Samla langsiktig gjeld	183,90	100,0		194,60	100,0	<b>233,90</b>	<b>100,0</b>
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2021	1,7			1,3		<b>2,3</b>	
Avkastning (kostnad)- benchmark NIBOR 3mndr + 0,6				1,07		<b>2,7</b>	
Tal løpende enkeltlån	18			19		<b>21</b>	
Største enkeltlån		NOK 19,9 mill.		NOK 20,0 mill.		<b>NOK 46,0 mill.</b>	

**Tabell 9a**

Oversyn lån:	
Långjevar	<b>Restgjeld 31.12.22</b>
KLP Kommunekreditt	kr 44 907 641
Komm.banken	kr 180 755 520
Husbanken	kr 8 250 284
Samla gjeld:	kr 233 913 445

Stresstesten i tabell 9b syner kor stor verknad ein renteauke på 2% vil ha på renteutgifter/-inntekter i høve til gjeld og innskot nå ved årsskiftet, minus kr 1,5 mill.

**Tabell 9b**

<b>STRESSTEST PR. 31.12.2022 FOR TOKKE KOMMUNE</b>					
Mill. kr	Balanse %	Balanse MNOK	Endrings parameter	Durasjon	Berekna tap
Gjeld med flytande rente	69 %	160,60	2,00 %		-3,2
Gjeld med Nibor -rente (3-mndr.)	16 %	38,10	2,00 %		-0,8
Gjeld med fast rente	15 %	35,20	2,00 %		0,0
Finanspassiva	100 %	233,90			-4,0
Innskot i bank og korte pengem.	100 %	97,20	2,00 %		1,9
Fastrente innskot DNB	0 %	0,00	2,00 %	0,1	0,0
Fastrente innskot andre	0 %	0,00	2,00 %	0,5	0,0
Sum bankinnskot	100 %	97,20			1,9
Finansielle "anleggslån"		28,50	2,00 %		0,6
Samla tap for marknadsrisiko for finansielle aktiva					-1,5
Mogleg "tap" vil utgjera :		-1,5			

### **Tap på krav**

Av førebels avsett til tap på krav i 2021 på kr 690 769, er det i 2022 endeleg avskrive kr 543 809, og høgda tapsutsette krav med kr 303 368. I alt er det nå usikre krav på kr 450 328 (note 12 i rekneskapen). Dette er gamle krav og krav i samband med dødsfall, sosiale eller andre årsaker, og såleis krav som kan bli svært vanskeleg eller uråd å få kravd inn. Arbeidet med innkrevjinga held fram.

### **Anleggsmidlar**

Avskriving av faste eigedomar og anlegg er gjort både i driftsrekneskapen og balansen, jf. note 13 i rekneskapen. Avskrivingane har ikkje verknad for netto driftsresultat. Avskrivingane er med i mange av rapportane i KOSTRA som eit kostnadselement.

### **Arbeidskapital**

Arbeidskapitalen, tabell 10, har ei positiv utvikling, men driftsdelen er framleis negativ:

**Tabell 10**

Mill. kr.	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Omløpsmidlar	<b>197,7</b>	130,1	102,9	86,5	83,5	75,8	76,5	58,6	67,7	77,7	95,7
-kortsiktig gjeld	<b>-61,3</b>	-50,9	-45,6	-44,7	-39,7	-38,7	-39,9	-39,3	-36,0	-40,0	-41
Arbeidskapital	<b>136,4</b>	79,2	57,3	41,8	43,8	37,1	36,6	19,3	31,7	37,7	54,5
-fondsmidlar	<b>-124,1</b>	-74,1	-48,7	-37,3	-38,1	-29,2	-18,9	-19,2	-29,1	-27,1	-35,7
-unyitta lånemidlar	<b>-15,2</b>	-7,9	-11,5	-7,3	-2	-2	-8,3	-3,4	-3,7	-13	-20
Arb.kap., driftsdel	<b>-2,9</b>	-2,8	-2,9	-2,8	3,7	5,9	9,4	-3,3	-1,1	-2,1	-0,9

Inkludert i omløpsmidlane og arbeidskapitalen er om lag kr 27 mill. som gjeld premieavvik pensjonar, som skal amortiserast/attendebetalast og utgiftsførast i driftsrekneskapen over 7 år.

### **Likviditet**

Likviditeten, jf. tabell 11, er mykje bunden opp i fond og ikkje disponible midlar (lån t.d.), og er på nivå med dei seinare åra, litt stigande. Likviditetsgrad 3 er forholdet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Nykeltalet må vera større enn 0,33 for at kommunen skal klare betalingspliktene sine.

**Tabell 11**

Mill.kr.	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Kasse,bank	<b>104,5</b>	75,0	66,1	56,7	63,6	55,8	64,6	45,1	49,0	65,8	74,1	57,9	72,5
Kortsiktig gjeld	<b>61,3</b>	50,9	45,6	44,7	39,7	38,6	39,9	39,3	36,0	40,0	41,2	35,3	33,8
Likviditetsgrad 3	<b>1,7</b>	1,5	1,4	1,3	1,6	1,4	1,6	1,1	1,4	1,6	1,8	1,6	2,1

### **Fondsmidlar**

Fondsmidlane, jf. tabell 12, syner ein stor auke på kr 50 mill., og er ved utgangen av året på **kr 124,1 mill.** Auke i bunde driftsfond (unyitta stats- og andre tilskot og sjølvkostfond), og stor auke i disposisjonsfond som kjem av avsetjing av stort mindreforbruk i 2022.

Disposisjonsfondet har hatt god auke dei seinare åra, og er ved årsskiftet **27%** av

driftsinntektene, men er likevel på eit for lågt nivå ved årsskiftet, **kr 110,5 mill.** inkl. bufferfond, sidan mykje av fondet(om lag kr 27 mill.) er bunde opp eller disponert til vedtekne føremål. Disponibelt fond er såleis **kr 57 mill.**(av dette kr 30 mill. i bufferfond), dette er fond til bruk for å møte auka t.d. renteutgifter, svikt i kraftinntektene framover og attendebetaling av premieavvik. Måltallet som er **10% av driftsinntektene tilseier kr 40 mill. i disponibelt disposisjonsfond.** Dersom bufferfondet skal haldast utanfor måltallet, mangla det **kr 13 mill. i disp.fond** ved årsskiftet.

Investeringsfonda er i hovudsak bruka opp. Det er avsett ein mindre sum vedkomande tomtesal Hallbjønnsekken og statstilskot trafikksikring.


**Tabell 12**

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Mill.kr.											
Bundne driftsfond	<b>12,2</b>	11,4	9,2	7,2	10,6	7,6	5,1	5,3	5,7	4,8	4,7
Disposisjonsfond	<b>110,5</b>	61,5	38,4	29,2	26,9	15,7	2,3	1,6	10,5	12,0	20,8
Næringsfond, inv.	<b>0</b>	0	0	0	0	4,3	5,9	5,2	5,2	5,4	5,8
Investeringsfond, ubunde	<b>1,2</b>	1,0	0,9	0,8	0,6	1,5	5,6	7,0	7,4	4,1	4,1
Investeringsfond, bunde	<b>0,2</b>	0,2	0,2	0,1	0	0	0	0,1	0,3	0,8	0,3
Fond i alt	<b>124,1</b>	74,1	48,7	37,3	38,1	29,1	18,9	19,2	29,1	27,1	35,7

### Gjeld

Ordinær lånegjeld gjekk i 2022 opp frå kr 194,6 mill. til kr 233,9 mill., jf. tabell 13. Gjelta utgjer om lag kr 106 000 pr. innbyggjar, og gjelta utgjer 58% av driftsinntektene (56% i 2021).

**Tabell 13**



15% av gjelda er bunde til fastrente. Renteutgiftene har gått mykje ned dei siste åra, men gjekk mykje opp i 2022. Prognosane for rentenivået er høgare renter, men er nok usikre prognosar.

### **Pensjonsansvar**

Kommunen sitt pensjonsansvar er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Jf. note 2a og b i kommunerekneskapen. Pensjonspliktene i KLP og SPK utgjer i alt **kr 430 mill.**, medan avsette pensjonsmidlar utgjer **kr 431 mill.**

### **Sjølvkost**

**Note 10** i kommunerekneskapen syner sjølvkost-utrekning på tenestene vatn, kloakk, slam/septik, renovasjon, feiing, byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Det er låg dekningsgrad på byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Men rekneskapen for 2022 syner nå underdekning på vatn(88%), overdekning avløp(112%), slam(114%) og feiing(188%); full inndekning på renovasjon(99%).

I alt er det kr 3 310 160 på sjølvkostfond og kr 992 084 i framført underskot ved årsskiftet. Gebyra kan ikkje vera større enn utgiftene med tenestene. Overdekning på sjølvkostfond må attendebetalast i løpet av 5 år. Storleiken på gebyra må såleis vurderast i høve til dette.

### **KOSTRA (KOmmunal og STatleg RAportering)**

Førebelse Kostra-tal pr. 15.03.23 i tabell 14 syner hovudtal frå rekneskapsdata frå kommunane i Vest-Telemark for 2022. Tala for 2022 er førebelse, 2021 er endelege tal. Perioden mellom mars og mai skal nyttast av kommunane til sjekking av tala og eventuelt sende inn ny korrigera rapportering for 2022.

**Tabell 14**

KOSTRA 2022 (2021) - førebelse nyktal											
Nyktal	Tokke	Tokke	Vinje	Vinje	Seljord	Seljord	Nissedal	Nissedal	Fyresdal	Fyresdal	
	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter	<b>12,5</b>	7,5	<b>5,9</b>	8,7	<b>3,4</b>	1,8	<b>0,3</b>	3,8	<b>8,4</b>	5,9	
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter	<b>27,8</b>	16,9	<b>18,9</b>	17,6	<b>5,8</b>	5,4	<b>15,6</b>	20,0	<b>20,9</b>	23,2	
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter	<b>15,2</b>	13,3	-	28,2	<b>36,1</b>	30,3	<b>24,8</b>	22,9	<b>-2,4</b>	-2,5	
Langsiktig gjeld ex pensjonsplikt i % av brutto driftsinnt.	<b>57,9</b>	55,6	<b>71,3</b>	88,7	<b>73,5</b>	81,1	<b>110,7</b>	114,4	<b>41,7</b>	45,5	
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	<b>79759</b>	81518	<b>76584</b>	74610	<b>74517</b>	72568	<b>91019</b>	86739	<b>89299</b>	88856	
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter	<b>27,4</b>	17,6	<b>12,9</b>	11,9	<b>8,3</b>	5,7	<b>4,8</b>	4,0	<b>11,3</b>	8,5	
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	<b>12,3</b>	8,1	<b>9,3</b>	8,7	<b>11,5</b>	10,4	<b>25,1</b>	24,4	<b>13,4</b>	2,9	
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto inv.	<b>22,9</b>	22,4	<b>47,9</b>	10,0	<b>91,3</b>	38,6	<b>46,9</b>	54,4	<b>72,4</b>	75,7	

## Driftsresultat

Driftsrekneskapen for 2022 er gjort opp med stort mindreforbruk og stor avsetjing, med eit stort **netto driftsresultat** på kr 50,4 mill. eller 12,5%. Det er eit lite underskot i drifta av etatane, men stor auke i kraft-, skatte- og andre fellesinntekter.

Driftsutgiftene er imedan ikkje heilt under kontroll, det er såleis tilført etatane ekstra budsjettmidlar med kr 16 mill. i 2022. Dette er mogleg når inntektene stig, men driftsutgiftene kan vera for høge i høve til mogleg usikre inntekter i budsjett og økonomiplan framover. Det er usikre tider. Kraftinntektene er også under press, det er ein stadig kamp for å oppretthalde desse. Høge straumprisar fører til større inntekter frå konsesjonskraftsal og eigedomsskatt, men dette kan endre seg fort og er **usikre inntekter**, slik me har sett tidlegare. Det er viktig at disposisjonsfondet/-bufferfondet blir tilført ytterlegare midlar i gode år for å kunna møte dårlige år med mogleg nedgang i inntektene, og i tillegg dette med stigande renter.

Nærare kommentarar til drifts- og investeringsrekneskapen fylgjer under kvart planområde.

## Personalstoda

### Tiltak for å sikre høg etisk standard

Tokke kommune brukar kvalitetssystem Compilo der etiske retningsliner er tilgjengelege for alle tilsette. I tillegg brukar kommunen KSLæring som portal for kunnskap og kompetanseheving for tilsette. Der er det laga kurs, nytilsett i Tokke kommune, som alle tilsette skal gjennomføre før dei begynner i kommunen. I den modulen ligg også etiske retningsliner og kommunikasjonsplan som er vedteke i kommunestyret i slutten av 2016. Retningslinene omfattar følgjande områder: etisk ansvar og lojalitet, informasjonsansvar, organisasjonskultur, korupsjonsrelaterte handlingar, ulovlege eller krenkande handlingar, varsling, habilitet, gåver, innkjøp og bruk av sosiale media.

Retningslinene gjeld både for tilsette og folkevalde.

### Kjønnsfordeling blant dei tilsette

Kommunen hadde per 31.12.2022 270 årsverk fordelt på ca. 338 tilsette. Året før, desember 2020, hadde kommunen like mange årsverk. Talet på årsverk og tilsette viser den faktiske situasjonen per 31.12.22. Dette vil si tilsette som får lønn frå kommunen.

Kommunen har totalt 23 leiarar, inkl. kommunedirektør. Av dette er 18 kvinner og 5 menn.

I rådmannen si leiargruppa er det 5 kvinner (med NAV-leiar) og 2 menn.

Det er fleire kvinner enn menn i Tokke kommune. Av 338 tilsette var det 82 menn. Tokke har hatt fokus på å skaffe rett kompetanse på rett plass, og det har difor ikkje vore prioritert særskilde tiltak for å rekruttere menn eller språklege minoritetar, men ulike nasjonalitetar er representert i alle etatane.

Prosent av tal på kvinner og menn i ulike sektorar i 01.12.22:

Sektor	Kvinner	Menn
I alt	74%	26%
Sentraladministrasjon	75%	25%
Oppvekst	78%	22%
Helse og omsorg	88%	12%
Kultur	80%	20%
Teknisk sektor	33%	67%

## Likestilling og diskriminering

Tilsette i Tokke kommune skal, og blir heller ikkje behandla ulikt på grunn av nasjonalitet, religion, graviditet, alder, kjønn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering eller anna tilsvarende grunn. Det er bla. fleire tilsette frå ulike land som til dømes frå Nederland, Eritrea, Polen, Sverige, Syria, Somalia, Finland mfl. både i leiarnivå og blant andre tilsette. Det er ikkje motteke meldingar om trakassering eller diskriminering på grunn av nasjonalitet, kjønnsidentitet, livssyn eller andre grunnar.

Spørsmål om religionstilknyting, politisk syn eller tilsvarende er ikkje tillate å stille spørsmål om i tilsetningsprosessar i Tokke kommune.

Lønsutvikling for kvinner i perioden 1.12.2021 og til 1.12.2022 var 3,4 %. Lønsutvikling for menn i sama periode var 1,4%.

Kjønn	Månadsforteneste 2022	Grunnlønn 2022	Endring i månads forteneste 2021 - 2022	Endring i grunnlønn 2021 - 2022	Årsverk 2022	Endring i årsverk
Kvinner og menn	46 430	44 092	2,9%	3,0%	270	0,1%
Kvinner	45 716	43 508	3,4%	3,4%	203	-0,5%
Menn	48 594	45 863	1,4%	1,7%	67	2,2%

Lønnsforhold justert for stillingsgruppe og stillingskode:

	<b>2020</b>		<b>2021</b>		<b>2022</b>	
	Kvinners månads forteneste i prosent av menns	Kvinners grunnlønn i prosent av menns	Kvinners månads forteneste i prosent av menns	Kvinners grunnlønn i prosent av menns	Kvinners månads forteneste i prosent av menns	Kvinners grunnlønn i prosent av menns
Stillingsgruppe	98,8	100,3	97,4	99,2	95,8	97,2
Stillingskode	100,4	99,8	96,2	98,4	98,0	99,1

## Sjukefråvær

	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
<b>Samla sjukefråvær</b>	8,56%	7,33%	8,11%	5,60%	6,35%	7,28%
Langtidsfråvær	6,05%	5,23%	6,00%	3,86%	4,62%	6,17%
Korttidsfråvær	2,51%	2,10%	2,11%	1,68%	1,73%	1,66%

Både langtids- og korttidsfråvær i 2022 har gått opp frå 2021. Samla fråvær frå alle planområda var 8,56%. Året før var prosenten 7,33%. Korttidsfråvær har gått opp sidan koronapandemien begynte i 2020 og var på det høgaste i 2022. Arbeidsmiljøutvalet har tidlegare vedteke mål for sjukefråværet som er 6,5 %. Avdelingane som har høgare sjukefråvær enn 10% vert rapportera til arbeidsmiljøutvalet.

## Historikk sjukefråvær

	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>		<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
<b>Sentral adm.</b>	3,24%	4,19%	7,13%		2,84%	4,54%	5,38%	3,77%	5,68%
<b>OKI</b>	8,48%	6,75%	7,72%		5,5 %	6,35%	6,74%	6,36%	7,54%
<b>HS</b>	10,30%	9,09%	9,57%		6,5%	5,91%	11,03%	11,02%	10,8%
<b>PN</b>						4,04%	6,19%	1,18%	1,97%
<b>Teknisk</b>						6,03%	3,71%	9,00%	6,72%
<b>PNT</b>	7,07%	6,04%	7,08%		4,40%				
<b>Total</b>	<b>8,56%</b>	<b>7,33%</b>	<b>8,11%</b>		<b>5,60%</b>	<b>6,35%</b>	<b>7,82 %</b>	<b>8,11 %</b>	<b>8,29%</b>

## Arbeidsmiljø

Medarbeidarundersøking 10-Faktor vart gjennomført i oktober 2021, og arbeid i avdelingane begynte i 2022. Den største jobben med 10-Faktor er ikkje sjølvе gjennomføringa av undersøkinga, men oppfølging av resultatet. Etatane skal arbeide med dette kontinuerleg også i 2023.

Kommunen har også kartlagt samarbeid mellom tillitsvalde og leiinga som viste at partane ikkje har same oppfatning bl.a. om HA, hovudavtala. Det blei planlagt felles opplæring om HA for alle leiarar og tillitsvalde hausten 2022. Samlinga vert flytta til 2023 på grunn av praktiske årsakar.

## Internkontroll

Kommunen brukar programvare Compilo for internkontroll dokumentasjon. I systemet finnast både dokument av tenesterelaterte forhold i alle etatane i tillegg til kommunens styrings- og HMS-dokument. Tilsette i kommunen har til ei kvar tid moglegheit til å finne nødvendige dokument. Heile kommunen brukar nå Compilo etter at Nav Vest-Telemark fikk opplæring i systemet våren 2022.

Estatane brukar Compilo også får å melde avvik og handtering av avvik. Alle avvik vert sendt og behandla elektronisk. Avvik vert kategorisert i fem grupper; HMS, GDPR (General Data Protection Regulation), avvik mot teneste/tenestemottakar, avvik i organisasjonen og i ytre miljø.

## Avvik

	HMS	GDPR	Teneste /tenestemottakar	Organisasjon /internt	Ytre miljø	Tilsaman
Sentraladm. Inkl. Nav	6	2	2	2	-	12
Oppvekst, kultur og idrett	18	1	2	2	-	23
Helse og omsorg	50	3	106	18	1	178
Plan, næring og teknisk	17	-	-	1	8	26
<b>Tilsaman</b>	<b>91</b>	<b>6</b>	<b>110</b>	<b>23</b>	<b>9</b>	<b>239</b>

Det er Helse og omsorg som har mest avvik. Grunnen til det kan vera at etaten har i mange år vore «pålagt» å skrive avvik, og er dermed van med å gjera det. Avvik er noko kommunen må jobbe med og gjera tilsette trygge til både å skrive og motta avvik.

Alle tilsette har fått opplæring i personvern for å bli meir medvitne og auke kunnskap om personopplysningar kommunen behandler. Stadig fleire svindelforsøk gjer også at kommunen har vald å gjennomføre opplæringsmodul om informasjonssikkerhet for alle tilsette i 2023.

Programvare House of Control vert bruka for å ha kontroll over forskjellige avtaler i etatane. Kvar leiar får melding når oppseiingsfrist til ei avtale nærmar seg. Med hjelp av dette programmet unngår vi bl.a. kostbare avtaler som ikkje er naudsynte å ha.

## Utfordringar

Telemarksforsking evaluera den administrative organiseringa som vart vedteke i 2016. Samtidig skulle også oppgåvefordeling mellom kommunalsjefar og mellomleiarar vurderast, og dette blir jobba med i 2023. Forslaget frå Telemarksforsking var å dele plan, næring og teknisk etat til to etatar. I oktober begynte jobben med å vurdere det. Resten av forslaget i rapporten vert vurdert og jobba med i 2023.

Rekruttering spesielt i stillingar som sjukepleiar, vernepleiar, barnehagelærar og lærar har vore vanskeleg. Det vert laga utdanningspakker både for tilsette i Tokke i tillegg til stipend til ungdom busett i Tokke kommune. Det har ikkje vore særleg god respons på ei slik utdanningspakke. I tillegg visar det seg at på grunn av få studieplassar fekk ikkje tilsette som ønskte å ta utdanning studieplass.

## Premiss

Premiss	Oppnådd
Redusjon i sjukefråværet med 10%.	Sjukefråværet har auka frå 7,33% til 8,56% - ein auke med 16,8%. Ein hadde høgare sjukefråvær grunne corona og på slutten av året var sjukefråværet høgare enn venta.
Ingen budsjettvedtak gjennom året som fører til varig driftsbudsjettauke.	Ikkje nådd – korkje frå administrasjonen si side eller at det er gjort politiske vedtak som aukar utgiftene
Grunnskulepoeng skal ligge på nivå med snitt frå dei 4 siste åra.	Nådd Snitt på grunnskulepoeng dei siste 4 åra: 45,6 Grunnskulepoeng i 2022: 48,6 Kjelde: GSI
I kulturskulen er målet 50% deltaking av målgruppa.	Nådd Faktisk tal: 49,9 % - jf. GSI
Auke med tre plassar på institusjon og 3 nye stillingar for å få færre overliggjarar på sjukehus og færre gjestedøgn i andre kommunar. Gjeld til nye omsorgsbustader er bygd.	Nådd, trengte ikkje tre stillingar for å nå målet. Årsverk 01.01.22: 30,58 Årsverk 31.12.22: 32,58 2021 – 56 døgn med overliggjarar: kr 297 135 2022 – 16 døgn med overliggjarar: kr 84 896
Opparbeidning av minst 10 nye bustadomter i Høydalsmo med veg, vatn og avlaup.	Nådd – ferdig våren 2023
Redusere det samla, kommunale straumforbruket med 10% i løpet av 2022.	Ikkje nådd. Har hatt ein kald vinter og ein har ikkje kome så langt som ein ynskjer med

## Del 2: Årsmelding frå planområda

### PLANOMRÅDE 1 - sentraladministrasjonen



#### Personale, stillinger og kompetanse

Sentraladministrasjonen omfattar arkiv, resepsjon, personalavdeling, seniorrådgjevar, politisk sekretariat, økonomiavdeling og Nav Vest-Telemark. Det er til saman 22,2 årsverk, 11 i Nav Vest-Telemark, 6,4 årsverk i personal, arkiv og resepsjon og 2,8 årsverk i økonomiavdelinga i tillegg til seniorrådgjevar og kommunedirektør. Økonomisjef har personalansvar over tilsette i økonomiavdelinga, og organisasjonssjef har ansvar over tilsette i personal, arkiv og sentralbord.

Pl. 1 Sentraladministrasjon	Årsverk
Kommunedirektør	1
Rådgjevar	1
Organisasjonssjef	1
Økonomisjef	1
Personal	
- Personalkonsulent	1
- Formanskapssekretær/konsulent	1
Arkiv	
- Arkivleiar	1
- Arkivmedarbeidar	1,4
Sentralbord	
- Informasjonsansvarleg	0,5
- Konsulent	0,5
Økonomi	
- Økonomirådgjevar	1
- Konsulent	0,8

Kommunen liste ut stilling som arkivleiar april 2022. Stillinga vart lyst ut fleire gonger før kommunen lykkast å få kvalifisert søker til stillinga.

Kommunen har kjøpt tenester frå Fyresdal til lønsarbeidet fram til desember 2022. Stillinga som økonomimedarbeidar vart lyst ut sommaren 2022 men måtte lysast ut på nytt i slutten av året. Nyrekruttering skjer i 2023.

## Nærvær/sjukefråvær

	2022	2021	2020	2019	2018	2017
<b>Planområde 1</b>	3,24%	4,19%	7,13%	2,84%	4,54%	5,38%
Langtidsfråvær	1,84%	3,28%	6,05%	2,00%	2,97%	4,20%
Korttidsfråvær	1,40%	0,91%	1,09%	0,84%	1,58%	1,18%

Fråværsprosenten omfattar heile sentraladministrasjonen, inkludert Nav Vest-Telemark.

## Økonomi

<b>PLANOMRÅDE 1 – DRIFTSREKNESKAP 2022</b>						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik	Forbruk i %
100	Kommunestyret	<b>1 221 972</b>	382 515	882 515	<b>-339 457</b>	138
101	Formannskap	<b>305 411</b>	274 001	274 001	<b>-31 410</b>	111
102	Ordførar/varaordførar	<b>1 343 745</b>	1 258 550	1 258 550	<b>-85 195</b>	107
103	Eldrerådet	<b>50 531</b>	30 884	30 884	<b>-19 647</b>	164
104	Kontrollutval og revisjon	<b>802 987</b>	865 001	865 001	62 014	93
106	Rådet for funksjonshemma	<b>24 980</b>	21 294	21 294	<b>-3 686</b>	117
107	Takstutval	<b>24 843</b>	22 521	22 521	<b>-2 322</b>	110
108	Ymse	<b>168 377</b>	149 426	149 426	<b>-18 951</b>	113
110	Fellestenester	<b>11 926 386</b>	12 679 333	12 679 329	752 943	94
111	IKT-Felles	<b>3 567 845</b>	3 722 400	3 722 400	154 555	96
121	Økonomiavdeling	<b>2 757 109</b>	2 780 015	2 780 015	22 906	99
141	Tokke kyrkjelege fellesråd	<b>4 351 000</b>	4 318 000	4 351 000	0	100
170	NAV Vest Telemark - administrasjon	<b>1 870 415</b>	1 691 086	1 763 084	<b>-107 331</b>	106
171	NAV - sosiale tenester Tokke og KVP V-T	<b>1 882 509</b>	1 456 000	1 920 005	37 496	98
	<b>SUM</b>	<b>30 298 108</b>	29 651 000	30 719 999	421 891	99

## Kommentar til dei største økonomiske avvika:

<b>Ansvar</b>	<b>Tekst</b>	<b>Årsak</b>	<b>Beløp</b>
100	Kommunestyret	Udstyr, matutgifter/representasjon, konsulentutgifter	-339 457
110	Fellestenester	Lite brukte rekrutteringstiltak	752 943
170	NAV	Turnover der det ikkje har vore tilsette i stillingane	-858 000
170	NAV	Har hatt kostnadene som vi ikkje var klar over i budsjettet	968 000

## Handlingsprogram

Utfordring og tiltak	Mål	Resultat
Elements, nytt sak/arkiv-system	Ta i bruk Elements i begynninga av 2022	Utført
Kompetanse om økonomi Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkeleg kompetanse innan budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørge for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga	Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber.	Under arbeid
Rullering av økonomi og finansreglement	Innan 2022	Under arbeid
Revidering av arkivplan. Arkivplanen i Tokke er frå 2014.	Få på plass plan som tilfredsstiller dagens krav	Under arbeid
10-faktor - medarbeidarundersøking	Oppfølging og etterarbeid etter gjennomført medarbeidarundersøking	Kontinuerleg arbeid
Ny tenesteytingsavtale mellom Tokke kommune og kyrkja	Fullført i 2022	Under arbeid
Fullføre ros-analyse for Tokke kommune	Innan 2022	Utført
Ferdigstille eigarskapsstrategi	Innan 2022	Under arbeid

## Tenestene.

Nytt sak/arkiv system Elements vart tatt i bruk frå januar 2022. Det har vore arkivleiar i Vinje kommune som har leia heile prosessen. Jobben har vore stor og krevjande for alle som brukar systemet. Det er framleis stor etterspurnad om opplæring, og sentraladministrasjonen må sørge for rikeleg opplæring for alle som treng det.

Den største utfordring er sårbarheit i tenestene, spesielt ved eventuelle fråvær. Difor må etaten jobba meir med å dele kompetanse og oppgåvene. I dei største oppgåvene bør det vera to personar som har naudsynt kunnskap om området.

Det er også planverk kommunen ikkje har hatt kapasitet til å jobba med. Ein slik plan er arkivplan. Siste oppdatering er frå året 2014. Det er nå sett i gang stort arbeid for å laga ny plan som er planlagt å få ferdig i slutten av 2023. I tillegg til dette manglar kommunen kassasjonsplan for arkivet.



## NAV Vest-Telemark



### Personale, stillingar og kompetanse



NAV Vest Telemark er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 20. Alle kommunane i området er med i samarbeidet. Vi er 26 fast tilsette ved kontoret og 2 prosjektmedarbeidarar

Vi har hatt noko turnover i 2022 . Vi har hatt 5 stillingar utlyst, og vi fekk bra med søkerar til alle stillingane. Med 5 nye tilsette har vi bruka mykje tid på opplæring av dei

### Nærvær/sjukefråvær

	2022	2021	2020		2022	2021	2020
<b>Planområde 1 – NAV-kommune</b>	3,24	4,19	7,13	<b>Planområde 1 – NAV - stat</b>	2,97	3,01	3,2
Langtidsfråvær	1,4	0,91	1,09	Langtidsfråvær	1,12	2,15	2,72
Korttidsfråvær	1,84	3,28	6,05	Korttidsfråvær	1,85	0,86	0,56

### Handlingsprogram

Utfordring og tiltak	Mål	Resultat
Arbeidsmiljø og bygge felles kultur	Null sjukefråvær som er arbeidsrelatert	Vi har hatt 10 faktor og jobba med tiltak for å styrke samarbeidet blant tilsette i NAV Vest – Telemark . Vi har ikkje hatt sjukefråvær som er arbeidsrelatert

## Tenestene

Tabellen under visar utbetaling av økonomisk sosialhjelp i 2022 og 2021. Som det går fram av tala, er det ei stor auke i alle kommunar. Det skuldast at det har kome veldig mange flyktningar i 2022. Vi har hatt tilsyn av statsforvaltaren i des. 2022. Vi har ennå ikkje fått noko skriftleg tilbakemelding.

	Tal	Under 30 år- 2021	Tal	Under 30 år- 2022	tal	Over 30 år 2021	tal	Over 30 år 2022	tal	Totalt 2021	tal	Totalt 2022	Endring
Tokke	7	141,443,-	9	120,134,-	18	429,162,-	39	1,272,799,-	23	567,647,-	46	1,384,697,-	+ 817,050,-
Vinje	16	426,888,-	16	555,382,-	38	1,422,803,-	61	2,094,371,-	52	1,724,770,-	76	2,644,754,-	+ 919,984,-
Kviteseid	13	441,208,-	12	557,532,-	26	682,593,-	33	1,252,399,-	39	1,123,801,-	43	1,662,457,-	+ 538,656,-
Seljord	22	847,667,-	21	957,687,-	54	2,290,060,-	76	2,478,340,-	74	3,091,904,-	97	3,436,087,-	+ 344,183,-
Nissedal	12	292,013,-	13	503,123,-	16	601,067,-	27	1,4678,39,-	28	893,080,-	39	1,907,759-	+ 1,014,679,-
Fyresdal	5	71,481,-	4	81,296,-	14	444,645,-	22	836,694,-	19	516,127,-	26	917,990,-	+ 401,863,-
Totalt	75	2,220,701,-	75	2,775,154,-	166	5,870,329,-	258	9,402,502,-	235	7,917,329,-	327	11,953,743,-	+ 4,036,414,-

Vi hadde ei målsetting om at vi skulle redusere utgifter til økonomisk sosialhjelp med 10% frå 2021 til 2022 . På grunn av den ekstra ordinære situasjonen med mange flyktningar har ikkje det vore mogleg å få til . Det har vore ein stor auke i utbetalingar frå 2021 til 2022

## Kvalifiseringsprogram

21 personar har hatt kvalifiseringsprogram i 2022 . Av dei har 11 avslutta .

Resultat er 7 stk. til arbeid, 2 har flytta og 2 har andre rettar i NAV.

63 % har fått til arbeid .

## Gjeldsrådgjevar

NAV Vest-Telemark og Tokke er vertskommune frå 010122 for gjeldsrådgjevaren Det har vore ein nedgang i talet på saker frå 21 til 22. Kjenneteikn for sakene er at det er veldig store utfordringar for dei som får hjelp, og krev store ressursar. Grunnen til at det er færre saker nå , er etterdønningar etter korona, og banken var meir liberal. Vi ser nå at det er det slutt på, og det er stor tilgang på saker dei 2 fyrste mnd. i 2023.

Totalt :

2021	2022
18 saker med frå 2020 +52 nye saker +15 rådgjevingar utan sak =85 saker totalt	10 saker overført frå 2021 29 saker 20 rådgjeving utan sak = 59 saker totalt

Grafen under viser arbeidsløyse utviklinga i Vest-Telemark frå 2019 til og med 2022. Det er veldig stabilt med unntak av mars til mai i 2020 då resultatet av nedstenging gjorde seg gjeldande.



Tabellen under viser talet på sysselsette i kommunane, og vi ser at Vest-Telemark ligg omrent som landet.



Tabellen under viser overgang til arbeid frå NAV fordela på ulike målgrupper. Vi ligg omrent som landet.



Tabellen under viser talet på dei som tek i mot uføretrygd. Den viser utvikling i 2022, og vi ser at talet held seg stabilt . Det er veldig bra at unge under 30 år ligg på eit lågt nivå.



## **Utfordring**

Utfordringar i 2023 vil vere den veldige auka brukarar som har rett på økonomisk sosialhjelp. Det er ein stor jobb å fylgje dei opp slik at dei etter kvart kan kome over i arbeidsretta tiltak og jobb.

Det vert oppretta ein ungdomsgaranti for personar mellom 16-30 år som vil krevje god samhandling og samarbeid mellom NAV og dei andre etatane i kommunen.

Vi skal nå rekruttere medarbeidarar, og vi håpar at tilgang på kvalifisera søkerar er god.



## VTDS

### Økonomistatus



Totalt har vi i 2022 eit underforbruk i forhold til budsjettet.

Årsaker til underforbruk:

- I 2022 vart avtala med Microsoft fornya. Denne var tidlegare fakturert til VTDS, og derfor også budsjettet her. Ny avtale fakturerer kommunane direkte. Dette medfører at rekneskapen for 2022 viser eit underforbruk på ca. 70% for konto 11951.
- Vi har eit mål om å gjennomføre kompetanseheving og vedlikehald av kompetanse på tilsette. Grunna delvis sjukefråvær og etterdønningar av pandemien, har vi ikkje fått gjennomført dette i tråd med plan og budsjett.

Inntektene har vore om lag som budsjettet.

Det er ikkje nødvendig med store tiltak.

- Budsjett for 2023 vil ikkje omfatte Microsoftlisensar for den enkelte kommune.
- Det er løyvd auka midlar for stilling i tråd med turn-over på tilsette.

### Økonomiplantiltak

VTDS har vore drivande i fleire av tiltaka som andre tenesteområde har.

- Fibernetverksomlegging på bygningar tilhøyrande tenester under Helse og omsorg.
  - Tiltak som var planlagt er utført.

### Sjukefråvær

Eit gjennomsnitt på ca. 12% sjukefråvær for både kort og langtid. Dette er relativt høgt i sum. Årsak er langtidsfråvær.

Med få tilsette vil variasjonar på korttidsfråvær gjennom året ha store variasjonar. Korttidsfråvær ligg i overkant av 3% i 2022.


Det er tett og god oppfølging, men ein auke frå 2021 på 3%.

Vi har som mål å redusere fråværsprosenten i 2023.

### Årsmelding

Året har vore prega av etterdønningar frå pandemien og verdssituasjonen. Denne har i stor grad påverka leveringsdyktighet av varer og komponentar som er nødvendig i drift og utskifting av dataparken til kommunen. Med eit større nettverksprosjekt på bygg med tenester frå Helse og meistring var det utfordrande å få levert alt utstyr og oppretthalde den prosesjon som var planlagt. Likevel er dette prosjektet levert innanfor kalenderåret. Noko utstyr planlagt montert i 2022 vart levert så seint på året at monteringa skjer i 2023.

Framover vil det skje ein turn-over på tilsette. Dette har vi gjennomført, slik at vi tryggar kompetanse framover. I 2022 vart det tilsett 2 seniorkonsulentar.



Vi har i 2022 jobba med innføring av nytt supportsystem.

Vi har i tillegg til dagsupport respons på support utanfor ordinær arbeidstid.

Det har i i 2022 vore innmeldt totalt 2038 saker og løyst 2060 saker. Sakene er i hovudsak fordelt på programvare, brukaradministrasjon og maskinvare. I tillegg kjem dei direkte telefonsamtalene som vert løyst ”der og då”, og saker meldt på kveld og helger.

2022 er eit år med stort fokus på datatryggleik frå nasjonale myndigheter. Vi har respondert i tråd med dette, og gjennomført intern analyse på datatryggleik, og innført nye og bedre rutinar og verktøy/løysingar som hjelper kommunen å ha kontroll og vere godt rusta. Dette er eit kontinuerlig arbeid som vil fortsette framover.

Mange av kommunen sine avtaler måtte forhandlast på nytt i 2022. Dette er tidkrevjande men nødvendig. Avtaler som omfattar VTDS og kommunane er i stor grad gjennomført via Telemark innkjøpssamarbeid.

Arbeidet med å endre organisasjonsform for samarbeidet vart utført og vedtatt i alle kommunane i 2022. Ny organiseringsform er Kommunalt oppgåvefellesskap. Denne organiseringa vert satt i drift frå og med 01.01.2024.

## Driftsmål 2022

Tema	Indikator	Status 2020	Ønskt resultat i 2022	Lågaste aksepterte resultat	Ikkje godkjent resultat	Mål 2024
Rekonstruksjon av datanettet til alle bygg i kommunen	Legge fram plan og progresjon til leiinga i kommunen	Under arbeid	100	75	0	100%
Utarbeide plan for datatryggleik	Legge fram plan for leiinga i kommunen	Gjennomføre 2021-2022	75%	20	0	100%
Halde eit godt servicenivå på supporttenesta	Supportsystem med rapportar	Kontinuerleg	100	75	50	100%

Målet var å vere 100% i mål for alle bygg i Tokke i 2022. Grunna verdssituasjonen og leveranseproblem på komponentmarknaden er vi ikkje 100% i mål. Det er realistisk å fullføre byting av kjerneswitch i kommunehuset i 2023.

Datatryggleigsarbeidet hadde stort fokus i 2022. Målet med 75% resultat på dette arbeidet er å rekne som oppnådd.

Å halde godt servicenivå er alltid ein subjektiv faktor. Tilbakemeldingar som er gitt gir ein indikasjon på at VTDS leverer på dette mål punktet.



Søstermarihand, Lunde i Lårdal

## PLANOMRÅDE 2 – Oppvekst, kultur og idrett



### Personalstoda



Etaten har 89.97 årsverk pr. august 2022 (88,41 årsverk året før). Det var gode søkerkartal på lærarstillingar ved hovudutlysing, men på grunn av at nokon trekte seg i løpet av sommaren, blei det likevel noko underbemanning av faglærde ved skulestart. Aukande behov for lærar i løpet av hausten på grunn av flyktningar har også vore ei medverkande faktor for underbemanning, særskilt haust 2022. Søknadar i høve barnehagelærarar var ikkje like krevjande som året før. Etaten hadde nok barnehagelærarar for å dekke minimumsbemanninga ved oppstart av nytt barnehageår. Barnehagen i Åmdals Verk opna august 2022 med ei bemanning på 218% i høve ressursar.

Ungdomsklubben har slite med å få inn kvalifisert bemanning, men har funne ei løysing med bruk av nokre faste vikarar.

Generelt er det meir krevjande å få inn kvalifiserte søkerarar i etaten ved utlysing, då særskilt ved utlysingar som kjem seinare på haust/vinter. Etaten har hatt ei rekke utlysingar i løpet av

### Personale, stillingar og kompetanse

Etaten sitt fagområde er vidt og stort. OKI er underlagt eit lovverk som i stor grad styrer aktiviteten. Tilsette sin arbeidskvardag blei framleis mykje endra gjennom vår 2022 grunna koronasituasjonen. Det står stor respekt av korleis tilsette møtte omstillinga og utfordringane under pandemien. Den normale kvardagen kom etter kvart attende, men den krevjande perioden har sett spor. Det har vore mange slitne tilsette i etaten etter pandemien som truleg har medført til noko meir fråvær.

I høve kompetanse klarar me ikkje heilt å stette krav om studiepoeng i alle fag. Lærarutdanninga har til dømes blitt meir spissa i høve fag (lærarane har berre kompetanse på 2 – 3 fag), som medfører at det blir vanskeleg å få inn tilsette med rett kompetanse på «små» skular. Etaten legg til rette for etter – og vidareutdanning. Haust 2022 starta 2 lærarar på etterutdanning med stønad frå Udir (vikarordninga) Ein student frå Tokke fekk stønad under utdanning for å bli barnehagelærar.

Tokke skule blei ei «Dysleksi – venleg» skule vår 2022. Heile etaten jobbar elles mykje kring trygt skolemiljø, reguleringsvanskar og læring gjennom leik.

## Nærvarer/sjukefråvær

	2022	2021	2020	2019	2018	2017
<b>Planområde 2</b>	91,5%	93,2%	92,8%	94,5%	92,5%	93,3%
Langtidsfråvær	5,9%	4,1%	5,0%	3,9%	5,59%	4,8%
Korttidsfråvær	2,5%	2,6%	2,2%	1,7%	1,9%	1,9%

Fråværet er noko større i 2022 enn i 2021, med unntak av korttidsfråværet som ligg på om lag det same. Auka i langtidsfråværet peikar i retning av mykje fråvær i samband med tida etter koronarestriksjonar og koronasjukdom.

## Økonomi

PLANOMRÅDE 2 – DRIFTSREKNESKAP 2022						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik	Forbruk i %
<b>200</b>	Oppvekstutvalet	<b>81 107</b>	138 323	138 323	57 216	59
<b>210</b>	Oppvekst, kultur og idrett	<b>2 626 506</b>	3 441 142	2 266 165	-359 341	116
<b>212</b>	Vaksenopplæring	<b>1 427 941</b>	655 120	1 455 120	27 179	98
<b>215</b>	Integreringsarbeid	<b>2 351 679</b>	0	2 300 000	-51 679	102
<b>217</b>	Formidlingslån og tilskot	<b>24 536</b>	0	0	-24 536	0
<b>220</b>	Fellesutgifter	<b>4 084 720</b>	5 151 863	5 001 863	917 143	82
<b>221</b>	Tokke skule	<b>22 351 737</b>	20 968 711	22 005 086	-346 651	102
<b>222</b>	Høydalsmo Skule	<b>12 843 747</b>	11 459 142	11 999 142	-844 605	107
<b>223</b>	Tokke skule Åmdals Verk	<b>787 944</b>	752 121	752 121	-35 823	105
<b>230</b>	Kulturadministrasjonen	<b>360 603</b>	775 018	775 018	414 415	47
<b>231</b>	Kulturskulen	<b>3 143 450</b>	3 223 854	3 223 854	80 404	98
<b>232</b>	Kulturtiltak	<b>2 890 276</b>	1 948 745	1 948 745	-941 531	148
<b>233</b>	Idrett	<b>616 243</b>	2 185 601	2 185 597	1 569 354	28
<b>234</b>	Fritidsklubb	<b>919 486</b>	1 125 479	1 165 479	245 993	79
<b>235</b>	Samfunnshus	<b>451 420</b>	649 172	649 172	197 752	70
<b>236</b>	Bibliotek	<b>1 782 467</b>	1 750 907	1 750 907	-31 560	102
<b>240</b>	Fellesutg. barnehage	<b>830 339</b>	964 921	764 945	-65 394	109
<b>241</b>	Dalen Barnehage	<b>10 688 302</b>	10 340 901	10 340 901	-347 401	103
<b>242</b>	Høydalsmo barnehage	<b>4 053 463</b>	4 948 008	4 978 008	924 545	81
<b>244</b>	Byrte Barnehage	<b>1 254 481</b>	1 215 972	1 215 972	-38 509	103
<b>247</b>	Åmdals Verk barnehage	<b>712 937</b>	0	648 579	-64 358	110
	<b>SUM</b>	<b>74 282 383</b>	71 695 000	75 564 997	1 282 614	<b>98</b>

## Kommentar til dei største økonomiske avvika:

<b>Ansvar</b>	<b>Tekst</b>	<b>Årsak</b>	<b>Beløp</b>
210	Oppvekst, kultur og idrett	Prosjektstilling; Frå Haldning til Handling	-359 341
220	Fellesutgifter	Færre kurs på grunn av vanskeleg bemanningssituasjon. Konteringsfeil (skulle ha vore ført på andre område)	917 143
221	Tokke skule	Ekstra stillingar på grunn av mottak av flyktningar som ikkje er korrigert mot «flyktningsfondet»	-346 651
222	Høydalsmo skule	Feilbudsjettet på løn. Nytilsette med høgare løn enn når budsjettet blei laga for 2022.	-844 605
230	Kulturadm.	Må sjå desse i saman.	414 415
232	Kulturtiltak		-941 531
233	Idrett		1 569 354
234	Fritidsklubb	Har brukte vikarar i 2 stillingar med lågare løn.	245 993
235	Samfunnshus	Mindre aktivitet på grunn av korona, samt mindre kapasitet på grunn av bemanning.	197 752
241	Dalen barnehage	Ekstra stillingar pga. flyktningar som ikkje er korrigert mot «flyktningsfondet»	-347 401
244	Høydalsmo barnehage	Då dei var i Lårdal, var det berre ei avdeling. Mindre behov for vikarar.	924 545

## Kostra

<b>2022</b>	<b>Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år (kr)</b>
<b>Tokke</b>	
<b>268 000</b>	
<b>Vinje</b>	
<b>302 582</b>	
<b>Fyresdal</b>	
<b>227 294</b>	
<b>Seljord</b>	
<b>247 947</b>	
<b>Nissedal</b>	
<b>349 241</b>	
<b>Vestfold og Telemark</b>	
<b>188 239</b>	

<b>2022</b>	<b>Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år (kr)</b>
<b>Tokke</b>	
<b>195 109</b>	
<b>Vinje</b>	
<b>192 502</b>	
<b>Fyresdal</b>	
<b>222 882</b>	

Seljord  
179 451

Nissedal  
206 388

Vestfold og Telemark  
129 906

## Handlingsprogram

Utfordring/ tiltak	Mål	Resultat
<b>Utviklingsarbeid i bibliotek, barnehage og skule</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Implementere «Fagfornyinga» i skulane.</li> <li>- MOT i skulen, og Skulen som samfunnsbyggar</li> <li>- Tidleg innsats og inkludering</li> <li>- §9a, og §§41 – 43</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Biblioteket: utvikle ny logg og prøve ut anna digital formidling.</li> </ul>	<p>Skulane har jobba mykje med fagfornyinga, men dette vil framleis ha fokus i 2023.</p> <p>Skulen må framleis jobbe meir med Skulen som samfunnsbyggar.</p> <p>Både skule og barnehage jobbar kontinuerleg i høve trivsel, tryggleik og inkludering.</p> <p>Tokke skule blei «Dyslekxi venleg skule» våren 2022.</p> <p>Plan for Trygt barnehagemiljø vil vere på plass, våren 2023. Barnehagen har elles hatt opplæring i regi av USN med fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- leiketeori,</li> <li>- aktiv vaksenrolle knytt til leik,</li> <li>- det fysiske miljøet,</li> <li>- felles «vi fokus»</li> <li>- tidsbruk, haldningar og reglar</li> <li>- emosjonell utvikling, tilknytingsstrategiar</li> </ul> <p>Ny logg er utført, og fungerer godt på biblioteket.</p>
<b>«Aktiv og synleg kulturskule»</b>  Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur.	-Leggje til rette for utveksling av kunnskap og ressursar med kulturskulane i grannekommunane.	Har hatt nokre møte på tvers av kommunar. Noko samarbeid, men her er det eit stort potensiale. Vil jobbe vidare med dette i 2023.
<b>Formell kompetanseauking</b>	<p>Både barnehage og skule har hatt samarbeid med USN i høve kompetanseutvikling.</p> <p><u>Barnehage:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Tilknytingsstrategiar og utviklingspsykologi</li> <li>-Tidleg innsats</li> </ul>	<p>Samarbeid med USN held fram i 2023.</p> <p>➤ Nye satsingsområde.</p> <p>Barnehagen har jobba mykje med autoritativ vaksenrolle. Bruk av lærande møte. Theraplay- skape systematikk kring arbeid mot tilknyting, tillit mellom barn vaksen, for å betre sjølvkjensle hjå barnet, samspel.</p>

	<p>- Arbeid med §§41 – 43. Tilsyn.</p> <p><b>Skule:</b> Arbeid med fagfornyinga i høve tverrfagleg tema. - MOT, trygt skulemiljø</p>	<p>Har i samarbeid med USN jobba mykje med §§41 – 43. Trygt barnehagemiljø. Tilsette har fått god kjennskap til teoriar som skal ruste dei til å avdekke og setje i gang tiltak. Tilsette må vere medvitne si rolle, at det er dei vaksne sitt ansvar å skape godt leike- /barnehagemiljø. I det vidare arbeid vil det vere fokus på rutinar, gode skjema og ein felles plan for arbeid med §§41-43.</p> <p>Barnehagemynda i Tokke gjennomførte tilsyn i høve §§41 – 43, november 2022.</p> <p>Har kome godt i gang, vidareførast inn i vanleg førebuing og samarbeid på laga. Noko samarbeid med USN.</p> <p>Held fram med fokus på MOT og trygt skulemiljø. Både sosiallærarar og miljøterapeutar er kursa på begge skular.</p>
<b>Planarbeid</b>	<p>Ferdigstille barne og ungdomsplans</p> <p>Ferdigstille idrett- og friluftsplanen</p> <p>Ferdigstille nye utviklingsmål (visjon) for barnehagen og skulen.</p> <p>Starte opp arbeidet med plan for kultur og frivillig arbeid</p> <p>Oppvekstplan</p>	<p>Kjem til politisk behandling samstundes som tiltaksplan frå prosjektet: Frå haldning til handling.</p> <p>Påbyrja. Avsluttast i løpet av 2023</p> <p>Påbyrja. Blir jobba med i 2023.</p> <p>Er ikkje starta , blei utsett. Blir jobba med i 2023.</p> <p>Påbyrja. Avsluttast sommar 2023.</p>
<b>Bibliotek/kulturhuset</b>	<p><b>Bibliotek:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Prioritere formidling og tilbod til born og unge</li> <li>- Tett samarbeid med skulane og barnehage. Lesestunder/bokprat</li> <li>- Sommarles</li> </ul> <p>- Samarbeide med Tokke Seniornett om opplæring i grunnleggjande digital kompetanse og datahjelp.</p> <p><b>Kulturhuset:</b></p> <p>Utover Bygdekinoen, Teater Ibsen, Folkeakademiet og biblioteket sine arrangement vil ein forsøke å ha åtte tilstellingar i året.</p>	<p>Har hatt eit godt samarbeid med skulane. Samarbeid held fram.</p> <p>Tokke er igjen på topp i fylket når det gjeld deltaking i Sommarles, nær 80% av elevane er med.</p> <p>Faste spelkveldar («Magic») Flott innsats frå frivillige entusiastar som gir opplæring og skapar eit trygt sosialt miljø.</p> <p>Frivilligentralen og Tokke Seniornett er kome godt i gang med fast tilbod (datakafe). Biblioteket gir iblant ein-til-ein datahjelp, ved førespurnad.</p> <p>I tillegg til bygdekinoen har det vore ei rekke arrangement på kulturhuset. Har nådd målet i høve tal på arrangement.</p>
<b>Born og unge</b>	<p>Ønskje om vidareføring – aktivitet i sommarferien.</p> <p>Ferdigstille skateparken</p>	<p>Har gjennomført sommarskule i veke 25, 2022. Vidareførast i 2023.</p> <p>Skatepark er ferdig, og i bruk.</p>

## Tenestene.

### Dalen barnehage

Me arbeider for at alle skal ha god utvikling, oppleve meistring og få utfordringar tilpassa deira føresetnader, og me jobbar for at alle skal få venskap. Med leik som fokus jobbar me med noko særskilt viktig. Dette er barnas viktigaste læringsarena. Leiken er alltid i utvikling. Sosial kompetanse er også eit tema som er med oss i alle situasjonar gjennom heile dagen, heile året.

Gjennom utforsking, opplevelingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø og samfunn, Døme er turar omkring på Dalen, til hotellhagen, vasskanten langs Bandak, Rui, Hvestadskogen, området Bakken/ vasstårn og natursti på Buøy.

I løpet av 2022 har me også tatt i mot 5 flyktningar, og til saman går det 13 minoritetspråklege barn i barnehagen.

I utgangen av året gjekk det 54 barn i barnehagen 1-2 år: 18 barn, 3-5 år, i løpet av januar går det 56 barn i barnehagen.

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023
Barn	61	55	43	44	50	48	54/56
Plass	78	73	69	63	68	65	74/76

Utvikling av barnetal i barnehagen.



### Høydalsmo barnehage

Høydalsmo barnehage har gjennom dei siste åra hatt stor fokus på relasjonskompetanse og gode vaksenstilar hjå personalet. Dette fokuset har me og i 2022 i vårt arbeid, for å sikre at me skapar eit inkluderande barnehagemiljø gjennom gode relasjonar, leik og venskap. Barnehagelova og rammeplanen krev at me arbeider systematisk og førebyggande for å skape eit trygt og godt miljø der alle barn er sosialt inkludert. Det er lovfesta ein aktivitetsplikt for alle i personalet rundt dette arbeidet. Barnehagen har i 2022 hatt tilsyn frå barnehagemynde rundt dette; Barnehagelova §§ 41-43.

Saman med dei andre barnehagane i Tokke har me stort fokus på ein trygg start med gode rutinar for tilvenning av nye barn og foreldre.

Delar av vinter og vår 2022 har vore prega av planlegging for å flytte inn i vår nye barnehage i Høydalsmo, mens me samtidig fysisk drifta barnehagen i Lårdal. Etter sumarferien pakka me ut frå Lårdal og flytta møblar, leiker, barn og personalet til nytt flott bygg. Barn, foreldre og personalet hadde sett fram til dette, og me kunne starte det nye barnehageåret 15.august i Høydalsmo. Barnehagen arbeider vidare med å «bu seg inn» slik at bygget og nye rutinar skal fungere på best mogeleg måte.



	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023
Plassar	19	22	27	22	29	30	28
Barn	15	17	19	18	21	21	19

*Utvikling av barnetal i barnehagen.*

## Byrte barnehage

Me har jobba vidare med prosjektet inkluderande barnehage og skulemiljø for å styrke personalets kompetanse, og barnehagen skal arbeide førebyggjande mot mobbing ved å arbeide med sosial kompetanse, venskap og eit godt psykososialt miljø. Fokuset er leik, venskap og gode relasjonar. Me vil ha fokus på korleis me er saman med andre, og at alle kjenner at dei høyrer til i eit trygt og godt fellesskap. Me har nytta oss av eit opplegg som heiter «steg for steg». Det har til hensikt å auke barns sosiale kompetanse gjennom å øve på ferdigheitar i empati, problemløysing og meistring av sinne i sosiale samanhengar. Me har hatt fokus på empati og det å kjenne att teikn på ulike kjensler hjå andre, t.d. glede, lei seg og sinne.

I Byrte barnehage er det god plass både ute og inne. Me er mykje ute og er ofte på turar i nærområdet. I gymsalen er det alltid populært å vere, og der er det god plass til å springe og leike.

	2021/2022	2022/2023
Plassar	8	6
Barn	6	4

*Utvikling av barnetal i barnehagen.*



### Åmdals Verk barnehage

Åmdals verk barnehage vart opna att august 2022. Den har vore stengt i 2 år. Barnehagen har ei avdeling og vi har 5 barn frå 1 til 2,5 år.

Barnehagen er open 4 dagar i veka frå kl. 07.00 til kl. 16.30. Vi er opptatt av voksen -barn, barn-barn relasjonen, og at alle barna opplever tryggleik. Leiken har hovud fokus, og vi arbeider for at det skal vere nok leiker til alle barna av samme leika. Vi er ute kvar dag dersom temperaturen tillet det, og barnas medverknad er ein naturleg del av barnehagedagen. Vi brukar mykje song og musikk. Syng songar der barna kan uttrykke seg med rørsle, og vi introduserer barna for forskjellige musikk sjangrar. Vi bevegar oss og dansar etter musikk, ( motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd, og la dei få utvikle varierte uttrykksformer. Rpl for barnehagen, fagområde s. 51)

Måling som utrykksform brukar vi også mykje.

Barnehagen har eit unikt uteområde med varierte natur element og eit trygt nærmiljø som vi kan gå på tur i, besøke grillhytta, blåbærturar og gruveparken.

Vi har god plass både ute og inne. Det gjer at det er lite støy inne i barnehagen.



## *Utvikling av barnetal i barnehagen.*

2022/2023	
Plassar	10
Barn	5

## **Tokke skule**

Mange nye i staben dette skuleåret. Skulen har fått ny leiing og ny spesialpedagogisk koordinator samt ny miljøterapeut. Utover dette har hausten også vore prega av mangel på lærarar. Dette har ført til mange endringar på timeplanane.

Utover hausten har skulen mottatt om lag 18 flykningar, dei fleste frå Ukraina. Alle klassane har fått nye elevar. For å møte trongen for norskopplæring, er det blitt oppretta ei mottaksklasse ved skulen. Her får elevane alt i frå begynnaropplæring, særskilt språkopplæring og to språkleg fagopplæring.

Dyktige tilsette ved skulen har vist stor fleksibilitet og innsats for at denne gruppa skal få eit trygt og god skuletilbod.

SFO gir eit ekstra tilbod om symjeopplæring på torsdagar for dei flykting borna som går der. I september vart det klart, skulen fekk formell status som dysleksi venleg skule. Det var høgtidleg overrekking av skilt og gode ord frå Åsne Midtbø Aas frå Dysleksi Norge.

Av utviklingsarbeid i haust, kan ein nemne at vi har gjort ei grundig analyse av resultata frå Nasjonale prøver. På 1. – 4. har ein mellom anna, ved å sjå på oppgåver i Nasjonale prøver, sett på kravet som elevane møter på mellomsteget. Døme er enkle grep for å få til tverrfaglege undervisningsopplegg

Tema skjermbruk og skjermtid har vore innslag på alle foreldremøte i haust. Kjeldene for den informasjonen som er gitt er FHI og WHO.



*Utvikling av elevtal ved Tokke skule(teljedato 01.10 kvart år):*

	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022
Barnetrinnet	130	134	136	120	111
Ungdomstrinnet	47	50	51	56	61
<b>SUM</b>	<b>177</b>	<b>184</b>	<b>187</b>	<b>176</b>	<b>172</b>

## Høydalsmo skule

Høydalsmo skule har fokus på å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø, der elevane skal oppleve meistring og trivsel.

Dei yngste elevane har «Zippys venner» – eit opplegg som skal lære elevane livsmeistring gjennom å meistre daglegdagse utfordringar, identifisere og snakke om kjensler og å støtte andre.

Aktivitetsleiarane i 7.kl., i regi av Aktiv Skole 365, har gjort ein flott innsats med aktivitetar i storefri for barneskulen, og turneringar i ishockey og kanonball for heile skulen.

To nye elevar i ungdomsskulen har blitt utdanna som Unge MOTivatorar. Desse bidrar til at alle på skulen kjenner seg inkludert. På nyåret skal dei presentere MOT for kommunestyret saman med dei nyaste Unge MOTivatorane på Tokke skule.

Skulen har fleire utviklingsområde me jobbar med. I det utvida MOT-programmet «Skulen som samfunnsbyggar», der målet er fellesforstått ansvarskjensle; «it takes a village to raise a child», har me i år hatt fokus på å «skape godfølelsen». Det handlar om kommunikasjon og lagbygging. Skulen jobbar systematisk med trivsel og toleranse for å bygge eit inkluderande klassemiljø.

Me held fram med implementering av den nye læreplanen Fagfornyinga. I 2022 hadde Høydalsmo skule spesielt fokus på djubdelæring og tverrfagleg tema. Me har gått gjennom læreplanane for fag og sett på skjeringspunkt. Ut i frå desse har me laga eit årshjul med forskjellige tverrfaglege tema og prosjekt. Me har både aldersblanda tema og tema på trinn.



Eksempel på eit tverrfagleg tema er årets Temaveke som hadde fokus på urfolk og i sær samane. Elevane hadde oppgåver og undervisning både ute og inne. Temaet var for heile barneskulen og gjekk over ei veke.

Utvikling av elevtal på Høydalsmo skule(teljedato er 01.10 kvart år).

	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023
Barnetrinnet	43	41	42	41	41
Ungdomstrinnet	18	22	24	24	23
<b>SUM</b>	<b>61</b>	<b>63</b>	<b>66</b>	<b>65</b>	<b>64</b>

## Kulturskulen

Lærarane ved Tokke kulturskule har i 2022 arbeidd kontinuerleg med resultatet frå 10-faktorundersøkinga på personalmøte. Faktoren *meistringsklima* har vore hovudfokuset. Parallelt har ein jobba med pedagogikk på personalmøte og sett søkelyset på kulturskulen som ein meistringsarena.

Elevar frå kulturskulen har vore med på mange ulike prosjekt dette året, blant anna: Solfager og Ormekongen, Vårkonsert og Vest-Telemarkstemnet med korpset, song på konfirmasjon og jolekonsert i Skafsdå kyrkje.

Våre faste kulturskulekonsertar har endeleg vore utan restriksjonar og smittevern, og haustar gode attendemeldingar frå føresette og elevar. Desse er fine arenaer der elevane får øve mot ei framsyning og vise det dei arbeider med fram til medelevar og familie. I år har desse konsertane vore:

27.04.22 Høydalsmo (Samfunnshuset)

01.06.22 Dalen (Gullbjørgsalen)

26.10.22 Dalen (Gullbjørgsalen)

23.11.22 Høydalsmo (Samfunnshuset)

Ein ser no at elevtalet i kulturskulen begynner å stabilisere seg etter nedgangen i korona-perioden. Også i 2022 har vi klart å gje alle søkerar eit tilbod, og har ikkje hatt nokon på venteliste over lengre tid.



Kulturskulen:

	2021/2022		2022/2023	
		Venteliste		Venteliste
Under grunnskulealder	0	0		0
I grunnskulealder	127	0	119	0
Over grunnskulealder	18		20	0
<b>SUM</b>	<b>145</b>	<b>0</b>	<b>139</b>	<b>0</b>

## Vaksenopplæringa/flyktningtenesta

Flyktningtenesta og vaksenopplæringa starta opp att i 2022 etter å ha vore nedlagt sidan august 2020.

Dei fyrste flyktningane vart busett i Tokke i mai. Gjennom året vart det busett 52 flyktningar. Flyktningane kjem hovudsakleg frå Ukraina, men også frå Kongo.

I tillegg til flyktningar frå Tokke, deltek flyktningane i Fyresdal kommune i vaksenopplæringa.

Samarbeidet med Vest-Telemark vidaregåande skule som vart oppretta hausten 2020 om eit 5-årig løp for minoritetsspråklege elevar på helse- og oppvekstfag held fram.

## Frå haldning til handling

Som elles i samfunnet vart også dette prosjektet påverka av den velkjente pandemien, samt utskifting av prosjektleiar. Erlend Takle Nesland sat i stillinga til 1.august 2022 og Merethe J. Reinskås overtok 1. oktober 2022.

Prosjektet har fem fokusområde:

- Køyring i rusa tilstand/høg hastighet (på veg, vatn og i utmark)
- Rusarrangement utanfor lovverket
- Utanforskap og mobbing
- Sosiale media (nettnett)
- Grensesetjing/samtykke

Prosjektleiar har mange ressurspersonar med seg på laget ifrå ulike avdelingar i kommunen, samt frivilligheita og politikken. Det tverrfaglege arbeidet er ein viktig grunntanke i prosjektet.

For å lykkast med å endre haldningane i samfunnet må ein få fotfeste hjå grasrota. Det har blitt gjennomført dialogmøte med frivillige grupper, lag og organisasjonar for å få innspel til vidare jobbing.

Sidan dette bare er eit toårig prosjekt, som skal avsluttast i 2023, er det viktig at ein får forankra og implementert førebyggande tiltak i ulike avdelingar, lag og organisasjonar sine planar og årshjul.

Prosjektet er ein del av «Nullvisjon Vest-Telemark» som har ein visjon om null skadde og drepne ved motorferdsel i Vest-Telemark. Det gjeng også tett saman med arbeidet som blir gjort kring SLT (Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande Tiltak).

## Ungdomsklubben



Året starta veldig usikkert med låste dører p.g.a. Covid-19, men i løpet av januar var vi i gang.

Våren starta bra med rusfritt arr. 11 mars, og det var Bootlegs som spilte opp til dans.

Vellykka arr. med omlag 220 besøkande fra store delar av Vest-Telemark.

Så fort snøen var borte, sette vi i gang ute på skateparken som viser seg å vere stor suksess, og vi flyttar meir eller mindre ut. Det blei også spelt paintball innimellom.

I mai fikk vi besøk av klubbar fra Nordre Follo og var vertskap saman med ein gjeng flotte ungdommar.

Det er alltid ei flott helg der vi er mykje saman og kosar oss.

Dalen ungdomsklubb var med på sommarskolen 2022.

Hausten starta litt kjedeleg med Covid i systemet, men det blei bedre etter kvart.

Vi hadde eit fint LAN party før jul der det var ca. 50 stk. innom, og 35 som var over natta.

Alt i alt eit greitt år etter alle covid-19 åra.

## BTI

BTI-prosjektet har vore i drift sidan 2019. Prosjektet består i å lage ein modell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt uro til. Modellen skal systematisere god praksis, og det skal kome klart fram korleis ein kan handle ved oppdaging og oppfølging av barn ein er uroleg for. Det er fokus på brukarmedverknad, samhandling mellom tenester og tidleg innsats. Modellen kan vitjast på <http://www.tokke.betreinnsats.no>.

Arbeidet med å utføre sjølve modellen blei slutført i juni 2021. I det vidare arbeidet må tilsette ta planen og modellen i bruk. Dette krev jamleg repetisjon, påminning og til dømes øve på ulike aktuelle case. Arbeidsgruppa skal treffast ein gong i halvåret for å dele erfaringar, spørsmål, utfordringar og gode opplevingar. Det var vanskeleg å få til møte i vår halvåret 2022 på grunn av pandemi. Arbeidsgruppa har til no hatt eitt møte, og nytt møte er planlagt i mai 2023.

## Biblioteket

I løpet av 2022 har biblioteket jobba for å kome tilbake til tidlegare (før-korona) nivå for aktivitet. Besøksstatistikken viser fin oppgang frå året før. Det har vore fleire kulturarrangement og tilbod i samarbeid med Folkeakademiet, Tokke Frivilligsentral og Bygdekvinnelaget. God gjennomføring av Sommarles, med felles avslutning på Kulturhuset der me fekk besøk av forfattar Tom Egeland. Ei gruppe frivillige har arrangert spelkveldar for unge – Magic – gjennom heile året. Oppstart av språkkafe i desember, i samarbeid med Vaksenopplæring m. fl.

Biblioteket kom i mål med installasjon av løysing for «meirope» ved filialen i Høydalsmo. Tilboden vart opna i september. Biblioteket gjennomførte anbodsrunde, og kjøpte inn to stillerom/modular til hovudbiblioteket. Desse vart montert ferdig i desember, og blei populære blant brukarane frå fyrste stund.

## Utvikling av besøkstal og utlån i biblioteka (Høydalsmo og Dalen samla)

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Besøkstal	16 974	17 337	19 977	9 824	11 106	16 325
Utlån	18 053	16 712	17 991	11 870	12 673	12 476

## Utfordringar i etaten frametter

Dei største utfordringane i etaten frametter vil mest truleg vere mangel på bemanning med rett kompetanse.

Etaten ser også ein aukande utfordring med elevar som slit med reguleringsvanskar både i barnehage og skule. Den negative utviklinga er særskilt synleg i småskulen. Tydeleg voksenrolle, samt eit tverrfagleg samarbeid/dialog kring alle som jobbar mot born og unge vil vere særsviktig i åra som kjem.



## PLANOMRÅDE 3 – Helse og omsorg

### Generelt



Året starta med fleire utbrot av Korona. I januar 2022 var regjeringa si startegi for å handtere Korona pandemien endra og justert ned. Arbeid med testing, isolering, smittesporing og karantene vart endra slik at ansvar og arbeid vart lagt til kvar enkelt individ. Dei fleste smitteverntiltak var fjerna i løpet av februar. Til trass for det har etaten brukta mykje tid til oppfølging og informasjon gjennom våren gjennom blant anna overvaking og opprettholdt beredskap, samt vaksinering. Stort sett har drifta i avdelingane gått som normalt gjennom året.

Utfordringane med rekruttering av helsepersonell er ikkje endra sidan sist. Det har vore vanskelegast å rekruttere på institusjon og på Åheim bufellesskap.

Ein ser ei tydeleg auke av omsorgs og oppfølgingsbehov, både fysisk og psykisk. Pasientar lever lenger med alvorleg sjukdom enn før. Det stiller større krav på spesialkompetanse og bemanning.

Etaten har deltatt i fleire prosjekt og nettverk gjennom året.

**Gode pasientforløp**, eit læringsnettverk saman med spesialisthelsetenesta, KS og Fhi.

Målet er å sikre behovet til brukarane for å møte heilskaplege, koordinerte og trygge tenester. Prosjektet går inn i 2023.

**TØRN**, eit prosjekt i regi av KS, der målet er å finne nye arbeids og organisasjonsformer for helse og omsorgstenestene. Arbeidet er sett i verk på institusjon, men ein prøvar å trekke inn andre avdelingar dersom ein ser det som hensiktsmessig.

**Førehandssamtaler**, er eit prosjekt mellom Tokke, Vinje, palliativt team ved STHF, UiA og USN. Prosjektet går ut på å lage system for å følgje opp døande pasientar som har kort levetid, og planlegge slutten av livet på best mogeleg måte. Arbeidet blir koordinert og følgt opp av samhandlingskoordinator i Vest Telemark.

Kommunen gikk på hausten inn for å ta del i det interkommunale tilbodet om Rask psykisk helsehjelp med Vinje, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal og Seljord kommune, med driftssenter i Seljord.

### Personale, stillingar og kompetanse

Personalalet er den viktigaste ressursen etaten har. Fleire av avdelingane har streva med å ha full bemanning delar av /eller heile året. Framfor alt har det vore vanskeleg på institusjon og Åheim bufellesskap. Det er gjort enkelte rekrutteringstiltak, men her må ein arbeide vidare med fleire samlande tiltak for å trekke til seg kompetent personale og skape godt omdøme for kommunen. TØRN prosjektet er eit tiltak som på sikt kan vera med å hjelpe med rekruttering av fagpersonell. I TØRN arbeider ein med organisering og fordeling av oppgåver mellom helsepersonell, noko som blir viktig for å bruke helsepersonell med rett kompetanse

på rett stad. Det har vore gjennomført ei større kartlegging av kompetansebehov på institusjon. Her vil arbeidet fortsette med andre avdelingar i løpet av 2024.

Tokke kommune har fått støtte frå Statsforvaltar til utdanning av blant anna diabetessjukepleiar, barne og ungdomsarbeid og fordjuping innafor sorg handtering. Ein fikk også tilskott som vi ikkje klarte å bruke på grunn av mangel på helsepersonell.

Sjukefråværet har gått opp det siste året med både langtidsfråvær og korttidsfråvær. Noko av korttidsfråværet kan skuldast Korona, der det har vore fleire utbrot gjennom året, men ein ser også at andre smittsame virussjukdomar har tatt seg opp til eit nivå som er over det normale.

## Nærvær/sjukefråvær

	2022	2021	2020	2019	2018	2017
<b>Planområde 3</b>	10,3	9,09	9,57	6,50	5,91	11,03
Langtidsfråvær	7,59	7,0	7,0	2,28		
Korttidsfråvær	2,7	2,09	2,57	4,32		

## Økonomi

PLANOMRÅDE 3 – DRIFTSREKNESKAP 2022						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik	Forbruk i %
300	Helse og sosialutvalet	116 284	91 353	91 353	- 24 931	127
310	Helse og omsorg Administrasjon	2 308 298	4 397 222	2 668 323	360 025	87
320	Fellesutgifter	1 146 724	1 531 022	1 571 029	425 305	73
321	Legeteneste	11 990 590	11 755 360	12 385 360	394 770	97
322	Fysio- og ergoterapitenesta	2 580 110	2 069 415	2 069 419	-510 691	125
322	Miljøretta helsevern	452 279	420 996	420 996	-31 283	107
331	Helsestasjon og skulehelsetenesta	2 236 025	1 984 335	2 234 335	- 1689	100
332	Jordmerteneste	797 957	560 402	560 402	- 237 554	142
342	Barnevern	4 883 171	4 800 000	4 800 000	-83 171	102
343	Edruskapsvern	-780	-4 996	- 4 996	- 4 216	15
349	Psykisk helse og rus	4 524 196	4 224 026	4 224 026	- 100 100	102
351	Heimesjukepleia	13 045 073	11 660 562	12 550 562	- 494 511	104
352	Institusjon	28 464 233	25 109 609	28 629 609	165 375	99
354	Omsorgsteneste	8 582 124	7 348 953	7 773 953	- 808 171	110
355	Åheim bufellesskap	7 759 407	8 214 222	8 993 221	1 233 813	86
357	Heimevaktmeister	290 914	355 091	355 091	64 177	82
359	Kjøkken	3 667 063	3 167 328	3 567 328	- 99 735	103
	SUM	92 843 596	87 685 000	93 090 011	246 415	100

## Kommentar til dei største økonomiske avvika:


Ansvare	Tekst	Årsak	Beløp
310	Administrasjon	Mangla 50 % sakshandsamar på tildelingskontoret i perioden	360 025
320	Felles utgifter	Feilføring av utgifter til blant anna KVITO driftstilskot som er ført på ansvar 349	425 305
321	Legeteneste	Mindre bruk av vikarlege under vår 2022	390 770
322	Fysio- og ergoterapitenesta	Manglande inntekt fastlønnstilskot siste halvår 2022 som kom inn for seint. Blir lagt inn 2023(kr. 227 880) Underfinansiert lønn	- 510 691
332	Jordmortenesta	Mangler siste krav frå Vinje kommune for vakt	-237 554
349	Psykisk helse og rus	Utgifter ført på feil ansvar, sjå under 320	- 100 100
351/354	Heimesjukepleia og omsorgsteneste	Over budsjettet inntekt av ressurskrevjande omsorgstenester. Underbudsjettering av medisinsk forbruksmateriell. Bruk av vikarbyrå. Stort bruk av overtid.	- 1 302 680
355	Åheim bufellesskap	Høgare inntekt ressurskrevjande omsorgstenester enn budsjettet.	1 233 813
359	Kjøkken	Auka utgifter mat og noko underbudsjettera lønn	-99 735

Totalt sett har etaten gått i balanse. Den aller største utfordringa for økonomisk kontroll for Lønnsutgifter er vanskeleg å halde kontroll på når det er mange vakante stillingar, der det ikkje kjem søknader. Bruk av vikarbyrå er kostbart, og det har gjennom året vore eit stort forbruk av overtid. Totalt har helse og omsorgsetaten bruka kr. 4 900' i 2022. Noko av det er knytt til ekstra arbeid under pandemien dei to første månadane. Samtidig har det vore mindre bruk av lønn til framfor alt på institusjon, legeteneste og Åheim bufellesskap, der ein har gått underbemannat delar av året.

## KOSTRA

Tokke kommune ligg nokolunde på same nivå som andre nabokommunar og distriktskommunar generelt. Utgiftene har auka om lag med rundt 650' det siste året.

12209: Utvalgte nøkkeltall for helse og omsorg, etter region. Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr), 2022.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Dei siste åra har ein redusert institusjonsplassar og auka ressursane i heimetenesta. KOSTRA tala syner ikkje til den store endringa dei siste åra, trass i at ein har redusert institusjonsplassar og auka innsatsen av heimetenestene. Usikkert om det heng saman med pandemien eller om det er naturlege variasjonar i befolkninga.

Langtidsopphald i institusjon har auka for gruppa 90 år og eldre. Bruk av tidsavgrensa opphold for gruppa 67 – 79 år har minka, langtidsopphald har gått noko ned, og tidsavgrensa og langtidsopphald for 80 – 89 år har auka.


11642: Brukarar av omsorgstenester i løpet av året, etter alder, tenestetype og år. Tokke, Brukarar av omsorgstenester.



Kilde: Statistisk sentralbyrå


I heimetenesta har praktisk hjelp og bistand ikkje endra seg stort dei siste åra. Eventuelt har gruppa over 90 år auka noko. Helsetenester i heimen har auka for same gruppe (over 90 år) og minka for gruppa 67 – 79 år.

11643: Timar til omsorgstenester i løpet av året, etter alder, tenestetype og år. Tokke, Timar.



Kilde: Statistisk sentralbyrå


11643: Timar til omsorgstenester i løpet av året, etter alder og år. Tokke, Helsetenester i heimen, Timar.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Legetenesta i Tokke ligg litt under enkelte kommunar i Vest Telemark, men like vel på linje med KOSTRA gruppe 6 som har 17,5 legeårsverk per 10 000 innbyggjarar. Kommunane har forskjellige måtar å løyse legevakt på, og dei fleste i Vest Telemark har ikkje nattlegevakt sjølv, det er det bare Tokke og Vinje som har. Legevakt tar litt av tida for fastlegen på dagsid, på grunn av fri etter vakt ordninga. Det kan vera litt misvisande å jamføre årsverk av den grunn.

11996: Legeårsverk i kommunale helse- og omsorgstjenester, etter region. Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk). Avtaleform i alt, 2022.



## Handlingsprogram

<b>Utfordring og tiltak</b>	<b>Mål</b>	<b>Resultat</b>
Innføring av reforma Leve heile livet	Gjennomføring i tråd med planprosessen for reforma med kartlegging og val av tiltak gjennomførast i 2022.	Arbeidet med reforma er i rute. Tiltak som ein ynskjer å arbeide vidare med blir lagt inn i gjeldande planarbeid. Arbeid med eldrevenlege samfunn må takast vidare i arbeid med blant anna ny reguleringsplan for Dalen.
Lokalt prosjekt Rekruttere og behalde personale i helse og omsorg	1. Lage ordning for rekruttering av sjukepleiar, vernepleiar og barnehagelærar i samarbeid med andre etatar. 2. Utviklingsprosjekt på institusjon – kvalitetsarbeid og riktig bruk av kompetanse	1. Det er innført rekrutteringstiltak på fleire område. Blant anna utdanningsstøtte, høgare lønn på institusjon. 2. Utviklingsprosjekt på institusjon TØRN er i rute, og vil gå gjennom heile 2023. Her vil det komme ein eigen prosjektrapport.
Gode pasientforløp - nettverksarbeid med KS og andre kommunar i Vestfold og Telemark	Starta opp og arbeidde med innføring av Gode pasientforløp mellom kommune og spesialisthelsetenesta, samt interne pasientforløp.	Arbeidet er i rute, og nye tiltak for å sikra mottak og overføring av pasientar er sett i verk. Arbeidet går fram til haust 2023.
Vidareutvikling av prosjekt lindrande behandling og omsorg – heimetid og heimedød	Legge til rette for at alvorleg sjuke og døyande pasientar opplever god og lindrande behandling og omsorg for ein verdig død i eigen heim.	Arbeidet er i rute. Tiltak og prosedyrar blir innført i løpet av vår 2023. Ein har søkt på prosjektmidlar frå Statsforvaltar.

## Tenestene

### Smitte og smittespreiing

Året 2022 starta med eit stort utbrot av covid-19 omikronvarianten. Dette blei handtera etter gjeldande reglar med isolasjon og karantene, og kom raskt under kontroll. Nasjonalt blei alle forskriftsfesta tiltak mot covid-19 oppheva den 12.februar 2022. Smittesporing i særskild organisert form blei avvikla. Dei fleste i Tokke fekk covid-19 i løpet av 2022.

Kommuneoverlegen har ikkje lenger tilgang til dødsmeldingar, men bedømmer at 4 personar døydde av covid-19, og omtrent like mange døydde med covid-19 som medverkande årsak i 2022. Dei fleste dødsfalla var på sjukeheimen. Sjukdommen er framleis definert som allmennfarleg smittsam, men testing, smittesporing og informasjon til pasientane gjerast av fastlegane, som i vanleg normalsituasjon for smittsame sjukdommar.

På hausten var det tilfelle av RS- virusinfeksjonar hos vaksne, og nokre få måtte leggast inn på sjukehus. Det var sporadiske influensatilfelle, noko meir skabb enn vanleg, elles ikkje spesielle utfordringar med smittsame sjukdommar.

### Legeteneste

Legedekninga var stabil med to fastlegar gjennom heile året, og ein fastlege i permisjon frå januar og ut heile året. Det var tilsett ein stabil og godt kvalifisert legevikar i 60% stilling, og frå hausten ytterlegare ein vikar til i 50% stilling, utan å nyttा vikarbyrå. Den nasjonale fastlegekrisa har også påverka Tokke. Ein kommunal fastlege har kommunale oppgåver i 20 % stilling, kommuneoverlegen har kommunale oppgåver i 40 % stilling. Behovet for legeressursar har auka, blant anna på institusjon. Fastlegane har fortsatt fri etter legevakt, noko som er med på å redusere kapasiteten på dagtid. Behovet for auke av legeressursar er tydeleg, og på slutten av året vart det løyvd midlar til ALIS lege (lege i spesialisering i allmennmedisin). Fast og god kompetanse på personalet på legekontoret er svært viktig for å handtera stor pågang. Bioingeniør var i permisjon på slutten av året, det vart nyttा ein lokal vikar.

Videokonsultasjonar blei avvikla då ein etter at koronareglane vart avvikla ikkje såg stor nytte framfor e-konsultasjon på telefon eller fysisk ved oppmøte.

Kurativt fastlegearbeid takstoppsummering	
Konsultasjonar	4326
E-konsultasjonar	218
Telefonar	1113
Sjukebesøk	52
Tverrfaglege møte (pasientretta)	70

Diabetessjukepleiar var tilsett i 20% stilling og starta opp i mai 2022, etter fleire år utan. Bakgrunnen er å tilby tettare oppfølging av diabetikarar og avlasta fastlegane. I løpet av hausten 2022 har diabetessjukepleiar tatt naudsynt utdanning knytt til stillinga, og oppretta rutinar og system for pasienthandtering og dokumentasjon.

Desentralisert kreftbehandling og blodbehandling er organisera under legetenesta. Avdelinga har gjennomført 32 behandlingar for sjukehuset og 11 kommunale behandlingar. Pasientar kjem frå heile Vest Telemark. Som eit ledd i arbeidet med heilskapleg

kreftbehandling har ein innført tiltaket «Livets siste dagar», som er ei prosedyre for døyande pasientar, slik at dei får tilgang på lindrande behandling i sluttfasen av livet. Dette vert nå følgd opp av eit nytt prosjekt som kallast «Førhåndssamtaler», som er eit samarbeid mellom Tokke, Vinje, STHF, Universitetet i Sør Norge og Universitetet i Agder. Målet med prosjektet er å planlegge sluttfasen i livet på ein god måte.

Kreftsjukepleiar har eit hovudansvar for fortløpende undervisning og rettleiing av kollegaer i «Lindrande behandling», og oppfølginga av pasientar med kreftdiagnose.

På haustsamling med kreftkontaktar vart prosjektet «medikamentell kreftbehandling og lindrande behandling» lagt fram av kreftsjukepleiar i Tokke/Vinje.

#### **Legevakt:**

Samarbeidet med Vinje kommune fungerer godt. Ein ser at det er utfordrande å organisere å drifte små legevakter. Vikrar og unge legar gjer uttrykk for at det opplevast vanskeleg å delta i legevakt. Det kan sikkert vera gode grunner til det, men så lenge legevakt skal takast i tillegg til ordinær arbeidstid, er det svært belastende. Tokke har tatt sin avtalte del av vaktene som må dekkast, så innimellan blir belastinga stor på enkelte legar. Belasting med legevakt i distriktet må vurderast opp mot behov i befolkninga. Ei av dei største utfordringane i framtida er konsekvensane vaktordninga har på drifta på dagtid gjennom mindre kapasitet. Tokke og Vinje fekk sumaren 2022 tilskotsmidlar mot rekrutteringskrise i legevakt i distriktsklasse 6, med kr. 1 500'. Ein fikk ikkje sett i gong arbeid i 2022, men har fått flytta midlane til 2023.

På dagtid er det ei merkbar endring i nærvær av Tokke ambulanse. Den er ofte stasjonert i beredskap i annan kommune på grunn av uttrykking. Det fører til at lege i auka grad må rykke ut og vurdere, og sjå til pasient før ambulansen kjem fram.

#### **Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering**

Året 2022 har vore eit stabilt år i fysioterapitenesta med to fysioterapeutar i 100% stilling. Takst og eigenandel blei innført frå 01.06.2022.

Fysioterapitenesta har i 2022 gitt teneste til 118 pasientar (ikkje medrekna 4 mnd. kontroll, 4 veker kontroll, 1.klassekontroll og gruppetimar gjennom Frisklivssentralen). Av desse er det nokon som får teneste ein kort periode, medan andre får oppfølging fleire gonger i veka over fleire månader.

Målgruppe	Tal brukarar
Friskliv individuelt	8
Friskliv 12 veker reseptgruppe (haust)	6
Balanse- og styrkegr. heimebuande eldre (vår og haust)	10
Korttidsavd. Helsesenteret	23
Langtidsavd. Helsesenter og omsorgssenteret	9
Heimebuande (inkl. omsorgsbustader)	42
Kvardagsmeistring	2
Skulehelsetenesta – borne- og ungdomsskule	11
Skulehelsetenesta – vgs	5

Kommunale fysioterapeutar yter teneste til pasientar på helse- og omsorgssenteret og i heimen. Det er blitt gjennomført balanse- og styrkegruppe både vår og haust.

Kvardagsmeistring vart starta opp att i oktober.

Fysioterapeutane er med på 4 veker kontroll og 5 mnd. kontroll på helsestasjon. Det er også gjennomført samarbeidsmøte med barnehagane. 1-7.klasse på Tokke og Høydalsmo skule

har fått stilt inn stol og bord, og det er blitt laga informasjonsark for at skulane kan bli meir sjølhjulpne i dette framover. Fysioterapeutane har vore synlege og gitt lågterskel fysioterapioppfølging til elevane på VGS. Tilvising har då gått via helsejukepleiar.

Det har vore tilbod på Frisklivssentralen gjennom heile året, til dels sirkeltrening, basseng, 40+ og 60+ styrketrening på Tokkegym. I haust vart det gjennomført ein periode med reseptgruppe, medan individuell oppfølging i høve kosthald, fysisk aktivitet og snus- og røykeslutt har vore eit tilbod heile året. I samarbeid med dei private fysioterapeutane vart Aktiv A kurs gjennomført.

Fysioterapitenesta ynskjer å kunne tilby eit godt og behovsretta tilbod til innbyggjarane i kommunen. Gjennom kontinuerleg evaluering av tilboda er det ynsjeleg å effektivisere eksisterande tilbod, fjerne tilbod som ikkje vert nytta og opprette nye tilbod som møter behovet til innbyggjarane. Det er ynsje om å auke kompetanse i høve born, kvinnehelse, og geriatri, samt fortsette med eit godt samarbeid med andre yrkesgrupper. I tillegg ynskjer ein å auke bevisstheit kring dei tilboda som er i kommunen, og oppretthalde god dialog og kommunikasjon med tilvisande samarbeidspartnarar.

### Ergoterapitenesta

Ergoterapitenesta syter for kartlegging, vurdering, tilrettelegging, hjelpemiddelformidling og oppfølging av pasientar i områda bevegelse, syn, hørsel og kognitiv funksjon, for både pasientar på institusjon og heimebuande. I tillegg kjem oppfølging av brukarar med nedsett hørsel. Ergoterapeut samarbeider jamleg med ambulerande audiograf frå Øre Nese Halsavdeling på STHF.

Ergoterapeut har gjennom året samarbeidd med fysioterapitenesta og heimetenesta om kvardagsmeistring og rehabilitering. Har bruka to dagar i månaden på dagtilbod for heimebuande demente på dagavdelinga.

Gjennom året har ein hatt samarbeidd med fysioterapeutane med innstilling av stolar/pultar på Tokke skule og Høydalsmo skule, i 1.-7.klassene for alle elevar.

Viktig med kompetanse for å ivaretaka universell utforming, og har delteke på planleggingsmøte av nye omsorgsbustadar og ombygging på Helsecenteret. I tillegg har ergoterapeut hatt ansvar for innkaup av utstyr på Helsecenteret, blant anna senger, takheisar og andre hjelpemiddel. Syter for at kommunalt lager har nok hjelpemiddel til utlån. Tett samarbeid med heimevaktmeistar.

Ergoterapeut har den siste perioden vore leiar i Rådet for menneske med funksjonshemminger.

### Psykisk helse og rus

#### Tenestemottakar over tid

2019	2020	2021	2022
128 pasientar	135 pasientar	156 pasientar	196 pasientar

## Tenestemottakar med oppfølging/ tenester frå psykiatrisk sjukepleiar/vernepleiar 2022

Aldersgruppe	menn	Kvinner	begge	2021
7-17 år	7	24	31	30
18-30 år	8	31	38	33
31-49 år	30	35	65	39
50-66 år	16	28	44	26
67-74 år	**	**	11	11
75-79 år	**	**	5	4
80-84 år	**	**	2	3
Totalt			196	156

\*\* - talet er for lite til å publisere

Avdeling for psykisk helse og rus har tilsette med kompetanse på mellom anna kognitiv terapi, sorg støtte behandling og generell klinisk behandlingserfaring. Ein har oppfølging av menneske i alle aldrar, familiær som strevar, lettare til moderat psykisk liding, og menneske som strevar med rusavhengighet. Psykisk helse er eit lågterskel tilbod der den enkelte sjølv kan ta kontakt, og få avtale om time.

Nokon har behov for samansette tenester, som miljøterapi og burettleiring. Her kan det vere fleire instansar inne som gjev eit behandlingstilbod/omsorgstilbod tilpassa den einskilde. Ein ynskjer å nytte pasientgruppa som ressursar for kvarandre, og legg til rette for gruppeaktivitet og samtalegrupper.

Behovet for oppfølging er stort . Menneske som tek kontakt og ber om samtaler er aukande i alle alders grupper. Avdelinga har god kompetanse, likevel har ein utfordringar. Med aukande pasienttal og aukande oppfølgingsbehov er det viktig med god og stabil grunnbemannning. Det er grunn til å tenke at ein på sikt vil ha behov for auka ressursar. Dei som jobbar er mykje aleine i pasientmøte. Dei treng fagleg påfyll og rettleiring. Det er vanskeleg å nytte vikarar i denne tenesta. Det betyr at dei fast tilsette dekkjer opp for kvarandre ved sjukdom, kurs, feriar og anna fråvær. Dette er sårbart.

Tenesta ser eit aukande behov for bustader for pasientar med psykisk helse og rus problematikk. Forsterka bustad til menneske som har därleg buevne er under arbeid, og viktig å få på plass. Vidare er det tid å vurdere korleis ein skal tilretteleggje for dei som treng døgnkontinuerleg trygghet og omsorg, og kartlegge behovet for ein bemanna bustad.

I 2022 vart det vedteke at Tokke kommune skal ta del i samarbeid i Vest Telemark om Rask psykisk helsehjelp. Det er eit tilbod til menneske med angst/depresjonsproblematikk. Lettare til moderat liding. Det er tilsett eit behandlingsteam, og teamet vil etter planen kome i gong med pasientoppfølging våren 2023.

## Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmor

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har gått som normalt i året 2022.

Avdelingsleiar helse har sidan september 2021 hatt fagleiaransvaret.

Det har vore aukande etterspurnad om reisevaksinering gjennom året.

Helsestasjon 0-5 år har fylgt opp 126 born, totalt 295 konsultasjonar etter nasjonalfagleg retningsline Ein har fokus på foreldrerettleiring med element frå COS-P og Stine Sofie stiftelsen. Fleire born ført i 2022 enn året før. Barnevaksinasjonsprogrammet hadde nær 100% oppslutnad.

Skulehelsetenesta har auka fast treffetid ved Høydalsmo- og Tokke skule frå 2,5 time til ein heil dag per veke. Elvane har hatt tilbod om konsultasjon etter nasjonal fagleg retningsline for skulehelsetenesta. Vaksineprogram er fylgd gjennom året. Ein har gjennomført

Trafikktryggleiksprosjekt i 4. klasse og gjennomført undervising om ulike tema ved etterspurnad.

Skulehelsetenesta på vidaregåande har fast treffetid mandag og torsdag. Skulehelsetenesta samarbeider med skulen og andre tenester om oppfylging rundt elevane. Alle elevar ved VGS fekk tilbod om vaksine mot hjernehinnebetennelse, totalt 4 dagar til planlegging og vaksinering. Helsesjukepleiar er med på VIP prosjektet saman med psykisk helse, og delteke på ulike møter som VGS ynskjer at helsesjukepleiar er ein del av, som SMU og tverretatleg team.

Helsestasjon for Ungdom (HFU) fylgjer skuleruta og har opent 2 timer kvar torsdag, ekstra konsultasjonar ved behov. Stabilt og jamt påtrykk, men det er flest planlagde konsultasjonar og større påtrykk i treffetida på skulane.

Helsestasjonen har samarbeidsmøte med tannhelsetenesta, som ein del av den systematiske oppfylginga

Etterspurnad av tenester aukar. Helsestasjon- og skulehelsetenesta har tett samarbeid med psykisk helse. Det er etablert gode rutinar rundt lågterskel tilbod utan behov for tilvising frå lege. Barne- og ungdomsteam, der psykisk helse, helsestasjon, psykolog, barnehage og sosiallærar deltok, har ikkje vore i 2022 grunna fråvær av kommunepsykolog. Det vart difor etablert hyppigare faste samarbeidsmøte mellom helsesjukepleiar, psykisk helse, rektor, sosiallærar og miljørarbeidar på skulane sidan starten av 2022. Hausten 2022 vart det etablert samarbeidsmøte med barnehagane med helsesjukepleiar, styrarar i alle 4 barnehagar og fysioterapeut. Det er planlagt å starte opp att eit barne- og ungdomsteam i 2023.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har samarbeid med både interne og eksterne instansar der ein arbeider for heilskaplege tenester for barn og unge 0-20 år, og er koordinator for 6 av totalt 7 ansvarsgrupper.

Helsestasjonen har fått koordinatoransvar for fleire ansvarsgrupper gjennom året. Dette har til tider vore krevjande, og det har blitt brukt meir enn 20% stilling som er sett av til kvar grunnskule per veke.

Det kom 55 flyktninger til Tokke kommune i 2022. Helsestasjonen gjennomfører helsekartlegging av flyktningane, koordinering av helsetenester som dei skal til, og deltek i vaksenopplæringa for flyktningane med helserettleiing. Frå april vart det sett av 40% stilling til arbeid med flyktningar, men grunna aukande pågang frå august, har det blitt brukt tilnærma 60% stilling. Dette førte til at ein måtte omorganisere ressursane på helsestasjonen og skulehelsetenesta.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta fekk tildelt prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til styrking og utvikling av helsestasjon- og skulehelsetenesta. Midlane har vore brukt til å halde fram med 1,5 faste dagar på vidaregåande, og ein har fått prøvd litt på bruken av foreldrerettleiingsprogrammet COS-P (tryggleiksirkelen). På grunn av ressursmangel har det vore vanskeleg å nytte alle midlane. Dette er tilskot som vert overført vidare til 2023.

Jordmortenesta heldt fram med ein fast kommunal del, 40%, og jordmorvaktsamarbeid i Vest Telemark, 60%. Jordmortenesta har fylgd opp 24 gravide gjennom året med heimebesøk og etterkontrollar. Jordmor har òg kvinnehelse i samarbeid med legekontoret med blant anna celleprøve og prevensjon. Jordmor deltok i helsestasjon for ungdom (HFU).

## Institusjon

På institusjon finn ein dei tyngste og sjukaste pasientane i kommunen. Dette er ei stor fysisk og psykisk belastning for personalet å handtere. Nokre pasientar er utagerande, og det blir mykje vald og truslar dei tilsette blir utsette for. I 2022 hadde me 3 vedtak om tvang. God bemanning og kompetente fagpersonar er viktig i denne samanheng. Institusjon hadde 17 pasientar med demensdiagnose i 2022. Det er bare 7 plassar som er tilpassa demente.

Behovet for fleire slike plassar er stort. Demenssjukdom kan råke på ulike måtar. Dei fleste krev ekstra ressursar på grunn av åferdsforstyrring. Det handlar til dømes om uro og vold mellom pasientar. Nokre treng konstant tilsyn av ulike grunnar, mange treng også skjerming og små miljø.

Det var 20 dødsfall i 2022, og 11 av desse hadde langtidsplass. Dei 9 andre var på korttidsplass.

Avdelinga har ei korttidsavdeling med 4 korttidsplassar og eit avlastningsrom. I periodar har det vore behov for fleire korttidsplassar. Denne avdelinga krev i periodar høg kompetanse, grunna tidlig utskriving frå sjukehus med komplekse tilstander. Det er og til tider mykje tidkrevjande prosedyrar og mykje dokumentasjon.

Det er pleiefaktor 1,0 på institusjon. Det er innført ekstra måltid slik at det nå er fire måltid i døgnet. Kvar avdeling har eige avdelingskjøkken der pleiepersonell har ansvar for alt rundt servering, oppvask og vask av kjøkken. Det går mykje tid til oppgåver som ikkje er direkte helseretta. Framover er det nødvendig å få sett i verk tiltak for oppgåvedeling og bruk av kompetanse, med til dømes kjøkkenassistent, for å frigjera helsepersonell i større grad.

Arbeid med oppgåvefordeling er sett i gang, gjennom prosjektet TØRN, men ikkje slutført. Det er ein stabil arbeidsstab på institusjonen med høg kompetanse. Mange har lang erfaring. Ved utgangen av 2022 har institusjonen 10 sjukepleiarar, 24 fagarbeidarar og 3 assistenter. Avdelinga har nytta årsturnus sidan 2018, og det verkar som dei tilsette er nøgde med dette, så det held ein fram med. Årsturnus har medført stor auke av fulle stillinger.

Det har vore nok eit år prega av pandemi og strenge restriksjonar. Smittesituasjonen har medført stort forbruk av smittevernutstyr. Pasientar med symptom må isolerast og handsamast med fullt smittevern. Dette er meir tidkrevjande og belastande for personalet og pasientane. Det var mykje koronarelatert fråvær blant personell i perioden frå februar til april. Avdelinga har arbeidd jamt over med å få redusert overliggjar på sjukehus, noko som er svært kostbart. Gjennom året 2022 har avdelinga hatt 6 overliggjar på sjukehus.

Avdelinga har bruka vikarbyrå i heile 2022 som følgje av manglande bemanning.



Behov for stødig bemanning er stor som følge av aukande mengde demente og pasientar med komplekse tilfelle. Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus kjem tidlegare til kommunen etter samhandlingsreforma. Kommunane får no pasientar som før låg på sjukehus eller i spesialisthelsetenesta mykje tidlegare i sjukdomsprosessen. Lenger levetid og betre behandling

gjev fleire komplekse og därlege pasientar, og det krev både meir bemanning og kompetanse. Dette er utfordrande, men det skaper og ein meir spennande arbeidsplass der tilsette må halde seg oppdaterte og utføre kompliserte prosedyrar.

Det har vore oppussing av alle pasientrom på avdeling B. Vaktrom på avdeling A og medisinrom er utvida og pussa opp. Til medisinrom har ein og fått innført nytt nøkkelsystem med kort, noko som er med på å sikra tilgang.

Det er fleire prosjekt som institusjonen jobbar med, til døme TØRN, Livets siste dagar, Den akuttmedisinske kjede og Gode pasientforløp.

I 2022 har ein hatt to pasientar som har blitt 100 år. Dette blei feira med familie, og ordførar overleverte helsing frå kongen.

## **Heimetenesta**

2022 har vore eit nokså normalt år med tanke på covid – 19.

Det er særmerkbart at arbeidet i heimetenesta aukar i kompleksitet og omfang.

Heimebuande har eit meir samansett sjukdomsbilete nå enn før, mykje grunna høg alder på brukarane, tidleg utskriving frå sjukehus til heim og fulle plassar ved institusjon.

Totalt i 2022 var det 112 brukarar som tok i mot tenester frå heimesjukepleia, mot 102 i 2021. Ein auke på 10 brukarar. 15 av desse er brukarar som bur på omsorgssenteret. Dei fleste får hjelp frå heimetenesta til ei kvar tid. Ein ser ei endring siste åra ved at dei fleste brukarane nå har besøk dagleg, og ofte opp til fleire gonger dagleg.

Omsorgssenteret består av 15 leilegheitar, og brukarane vert per definisjon rekna som heimebuande. Pleietyngda på omsorgssenteret aukar, og dei fleste som bur her er fullt pleietrengande. Det er også fleire demente. Ei utfordring her er at mykje av tida til helsepersonell gjeng til kjøkkenteneste. Eit ynskje er å få på plass eige personell som kan avlaste helsepersonell med dette.

Tilsette er nå meir fleksible med at dei fleste jobbar både på omsorgssenteret og heimesjukepleia. Dette gjev oss betre forståing av kvarandre sin arbeidskvardag, og ein er ikkje fullt så sårbar ved fråvær då me kan flytte kompetanse mellom avdelingar.

Ein ser også at behovet for vikarbyrå knytt til ressurskrevjande brukar har gått ned etter at ein valde å flytte denne brukaren til omsorgssenteret. Samarbeidet mellom avdelingane og tilgangen til kvalifisert personell har blitt betre. Ein har bruka vikarbyrå ein liten periode i ferieavvikling i 2022.

Det er fleire sjukepleiarar og helsefagarbeidarar som har gått av med pensjon, men me har vore heldige og fått dekt alle desse stillingane med nyutdanna sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i 100% stilling.

Ein veldig positiv ting er at reinhaldet ved omsorgssenteret har blitt overført til teknisk etat. Dette har frigjort ein del tid til brukarane.

Heimetenesta starta opp bruk av multidose rett før sumaren. Det var litt oppstartproblem og nytt for tilsette, men gjekk seg til etter kvart. Dette har frigjort noko tid til legemiddelhandtering for sjukepleiarar til andre oppgåver ute i felt.

Arbeid med årsturnus fortsett, og tilsette verkar fornøgde med å planlegge sin eigen turnus. Me prøvar å finne løysingar for at tilsette som vil kan jobbe 12- timars vakter og 4 kvar helg i årsturnusåret 2023 – 2024'

Har i haust hatt 1 lærling på omsorgssenteret 2 dagar i veka. Dette er eit pilotprosjekt over 5 år for framandspråklege som ynskjer å bli fagarbeidarar. Samtidig har ein regelmessig gjennom året lærling i normalløp over 2 år.

Trass høgt tempo har avdelinga klart å auke kompetanse innafor fleire område. Her kan ein nemne grunnkurs og eit oppfriskingskurs for helsefagarbeidarar i legemiddelhandtering frå sjukehusapoteket i Skien, samlingar med sårskule i regi av Nor – Engros v/sårsjukepleiar, kurs frå Noklus – prøvetaking, Internundervisning i «Livets siste dager» og Gode pasientforløp.

## **Heimehjelp**

Totalt har 77 tenestemottakarar fått heimehjelp i 2022. Ein oppgang på 6 frå 2021. Behovet for heimehjelp ser vi går litt opp og ned, men det er stort sett fulle lister på dei ressursane vi har. Vi har også hatt fokus på å avslutte tenesta til enkelte der ein ser at behovet for praktisk bistand ikkje lenger er til stades. Nokre få av desse 77 har hatt heimehjelp bare for ein mindre periode pga. akutt sjukdom. Dei fleste har hatt heimehjelp over fleire år.

Det har også i år vore utfordrande å få tak i vikar ved fråvær, og konsekvensen har vore at tenestemottakarane har fått utsett heimehjelp eller ikkje fått i det heile. Dette var spesielt merkbart ved ferieavviklinga på sumaren, der alle tenestemottakarane mista ei reingjering under sumarferieavviklinga.

## Heimevaktmeistar

Arbeidsoppgåvene til heimevaktmeistar er mykje retta mot utlevering, innhenting, service og reparasjonar av hjelpemidlar. Opplæring i bruk av el-rullestolar/scooter. Opplæring og bruk av velferdsteknologi/alarmar. Heimevaktmeistar samarbeider nært med ergoterapeut. Heimevaktmeistar har ei sentral rolle i utvikling av velferdsteknologiske løysingar i kommunen.

Ein fekk i mai i år tilsett ein vikar for heimevaktmeistar( 50% stilling) og ut året.

## Dagavdeling

Dagavdelinga har som mange andre avdelingar vore prega av korona pandemien og anna smitte på institusjonen i starten av året. I løpet av våren var aktiviteten som vanleg. Det har vore stor aktivitet med bingo, song, andakt, baking, filmar, spill, konsertar og sykling. Litt underhaldning utanfrå har det vore, men dette har ein ikkje komme skikkeleg i gang med enda. I snitt er det på aktivitetar ca. 25 brukarar innom dagavdelinga.



I starten av 2022 fikk avdelinga Christiania Taxa – taxisykkelen som kan brukast til å sykle ute i nærmiljøet. Det blei også kjøpt inn ein Motiview-sykkel til, samt to nye filmar, som vart finansiert gjennom Helsedirektoratet.

Våren/Sommaren vart brukt til sång/planting i potter og i atriet, som er ei stor glede for mange grupper. Her har ein odla både blomar, urter og bær.

Hausten blei brukt til sykling, potetgrautfestar og Sykkel-VM. Sistnemte sette avdelinga av heile oktober månad til, så det vart mykje sykling! Gjengen gjorde det veldig bra under sykkel-VM, og kom på 39 plass av 226 lag. Sykkel-VM blei avslutta med offisiell premiering v/ordførar Felland, samt overrekking av diplom, medalje og blom.

Utvikling av dagavdelinga og framfor alt for personar med demens er svært viktig, for å avlaste pårørande i ein tung livssituasjon. Per i dag er det aktivitet på avdelinga 4 dagar i veka, derav er 3 tilpassa heimebuande demente.

## Åheim bufellesskap



2022 starta også med mange utfordringar i forhold til pandemien. Sjukefråvær og mangel på personell har vore eit stort problem gjennom heile året, og det har vore vanskeleg å dekke opp med kvalifisert personale. Over ein lengre periode var leiar einaste vernepleiar på avdelinga, og leiar måtte ta alle vernepleiarfaglege oppgåver i tillegg til leifarfunksjonen. Det har vore mykje langtidssjukefråvær, svangerskapsrelatert fråvær og fleire tilsette som har gått ut i svangerskapspermisjon. Dette har resultert i behov for vikarbyrå og mykje bruk av overtid. Stillingar har vore utlyst, men det har vore få søkjrarar til stillingane. Dette har vidare resultert i mykje underbemannning og mange avvik på grunn av dette.



Vi ser konsekvensar for brukargruppa i form av helsemessige utfordringar som utfordrande åtferd, einsemd og depresjon på grunn av underbemannning og etterdønningar av strenge tiltak under pandemien.

Det har vore mindre aktivitetar, og ein av brukarane har framleis redusert tilbod frå KVITO.

Også i 2022 har fagutvikling og kurs vore nedprioritert på grunn av mangel på personale. Ein har jobba vidare med den nye nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstenester til

personar med utviklingshemming» og vil fortsette dette arbeidet inn i 2023. Vedtak skal kvalitetssikrast opp mot denne rettleiaren og lage gode prosedyrar og system til beste for brukar. Kommunen er med i eit nettverk for Telemark som kjem til å söke midlar frå statsforvaltaren. Formålet er å få til eit samarbeid på tvers av kommunane for å arbeide vidare med den nasjonale rettleiaren.

I februar fekk Åheim varsel om tilsyn frå arbeidstilsynet der dei ville føre kontroll med det systematiske arbeidet for å førebygge muskel- og skjelettplager og psykiske plager. Avdelinga hadde før tilsynet kom starta med kartlegging av behov for ROS - analyse saman med verneombod og tillitsvald. Tilsynet resulterte i 2 avvik – kommunen fekk også avvik på overordna nivå som måtte lukkast av personalsjef. Det har vore eit stort arbeid i ettertid med utarbeiding av ROS analyse, gjennomgang av prosedyrar og målsettingar



for vidare arbeid. Avvika frå arbeidstilsynet blei lukka, og avdelinga fekk attendemeldingar på at arbeidet som var gjort var veldig grundig og bra.

## Kjøken

Det har vore ein stabil arbeidsstab på kjøken i 2022, med lite fråvær.

Kjøken sparte inn ein 20% stilling i 2021, noko som har vore merkbart i 2022. Kjøkenet merkar òg at pasientar kjem tidligare heim frå sjukehus. Det er meir spesialtilpassa mat og diettar enn før.

I august fikk kjøkenet og avdelinga tilsett to assistenter gjennom flyktningbudsjettet. Det har fungert svært bra, og har vore ei stor avlasting både på kjøkenet og avdelingane.

Produksjon per dag ligg på 62 middagar med dessert, heimebuande har vore i snitt 550 middagar per månad, I omsorgssenteret bur det 15-16 beboarar som får alle måltid. I tillegg kjem dagpasientar som får tilbod om mat på vennestoga. Ein ser ein auke i pasientar som ynskjer fleire måltid, spesielt dei som bur rundt helsecenteret.

## Utfordring i etaten frametter.

Den demografiske utviklinga tilseier at det vil bli fleire eldre og færre i arbeidsfør alder i framtida. Det blir derfor viktig å satse på folkehelsetiltak som kan utsette sjukdom i størst mogeleg grad, samt å oppretthalde best mogleg funksjon. Tiltak som til dømes kvardagsmeistring er viktig for å redusere presset på tenester i framtida. Førebyggande arbeid med barn og unge og familiær som strevar er heilt nødvendig for å gjera menneske sjølvstendige og ansvarlege i eiga liv.

Mottak av flyktningar har sett stort press på mange helsetenester, og vil halde fram. Her vil det vera naudsynt med god bemanning og god kompetanse for i størst mogeleg grad å integrere menneske i vårt samfunn. Samarbeid i helsetenesta er svært viktig. Helsehuset er gammalt og fungerer ikkje optimalt slik som det er i dag. Eit nytt helsehus ville òg vera med på å styrke samarbeidet i helseavdelinga på tvers av fag.

Demenssjukdomar aukar, og her er det heilt sentralt å ha god bemanning og kompetanse for å gje best mogeleg omsorg. Bygningsmessige tiltak er i gang, og nye demensplassar er under planlegging. Ein har gjennom fleire år arbeidd med tiltak for å utnytte kapasiteten betre og skape fleksibilitet i tenesta. Det må ein fortsette med framover, gjennom å vera fleksibel, og endra tenesta etter behov. For å klare det er det svært viktig å ha god leiing, som kan sjå og handtere endring på ein god og føreseieleg måte. Konkurransen om helsepersonell er stor, så det å ha ein god, strategisk og systematisk plan for rekruttering er heilt avgjerande for å lukkast.

Det er sentralt peika på at pårørande skal utføre fleire oppgåver framover, men også den gruppa blir mindre. Samarbeid med pårørande og avlastande tiltak for heimebuande vil vera med på å utsette behovet for tenester og avlaste den kommunale tenesta i nokon grad.

Utvikling av dagavdeling vil støtte denne utviklinga.

Beredskap og krisehandtering har vist seg å vera spesielt viktig dei siste åra. Fleire hendingar har store konsekvensar for drift i helse og omsorg. Pandemien er ein ting, og det vil sikkert komme fleire pandemiar i framtida, men forsyning av både medisinar og utstyr kan skape vanskelege situasjonar for drift, liv og helse.

## PLANOMRÅDE 4 - PNT


Kommunalsjef: Gunhild Austjord

Konstituert kommunalsjef samfunnsutvikling: Knut Erik Paulsen \*)

Konstituert kommunalsjef teknisk: Geir Versto \*)

\*) Frå medio september

Etaten har hatt eit år med stor aktivitet. Me er ein etat med stor breidde i fagfelt, der me jobbar både med forvaltningsoppgåver, utviklingsarbeid og drift av bygg og anlegg.  
Samla sett meiner me at etaten har levert gode tenester i 2022.



## Personalstoda



Geir Versto



Gunhild Austjord



Knut Erik Paulsen

Me har stadig utskifting av personell, særleg i samband med at tilsette går av med pensjon. Vidare har det vore langtidsjukdom og permisjonar i løpet av året, noko som er vanskeleg å erstatte på kort sikt på grunn av krav til kompetanse. Me blir fort sårbare i slike situasjoner. Med positive og fleksible arbeidstakrarar som er villige til å endre oppgåver og/ eller ta på seg nye i kortare periodar, syns me at dette trass alt er løyst på ein framifrå måte. Det inneber likevel at visse oppgåver må utsetjast i tid, for at dagleg drift skal kunne prioriterast. Rekruttering av nye tilsette går stort sett bra, og vi registrerer t.d. på reinhald at det er mange søknader på ledige stillingar. Det er òg stor interesse for å ta fagbrev for dei som ikkje har det, noko som er veldig positivt.

## Nærvær/sjukefråvær

	2022	2021	2020	2019
<b>Planområde 4</b>	7,07%	6,04%	7,08%	4,4%
Langtidsfråvær	4,49%	4,55%	5,88%	2,88%
Korttidsfråvær	2,58%	1,49%	1,2%	1,52%

## Økonomi

PLANOMRÅDE 4 – DRIFTSREKNESKAP 2022						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik	Forbruk i %
410	Plan- og næring - administrasjon	<b>4 758 163</b>	3 665 124	4 465 128	-293 035	107
451	Landbruk	<b>2 827 990</b>	2 711 437	3 061 437	233 447	92
452	Kommuneskogen	<b>94 872</b>	-12 012	-12 012	-106 884	-790
453	Turistføremål	<b>1 294 014</b>	1 612 213	1 612 213	318 199	80
454	Næringsstiltak	<b>3 711 966</b>	1 590 017	2 611 005	-1 100 961	142
455	Ymse(viltforvaltning,syss.prosj.)	<b>297 720</b>	-42 821	132 179	-165 541	225
460	Kart og oppmåling	<b>578 144</b>	258 853	258 853	-319 291	223
500	LMT	<b>123 991</b>	78 066	78 066	-45 925	159
519	Avg.pl.sal - teknisk	<b>-33 254</b>	-25 004	-25 004	8 250	133
530	Maskinpark	<b>505 780</b>	515 020	515 020	9 240	98
541	Vassanlegg	<b>-1 211 870</b>	-1 680 170	-1 680 170	-468 300	72
542	Avløpsanlegg	<b>-2 790 134</b>	-2 719 793	-2 719 793	70 341	103
543	Renovasjon	<b>-419 459</b>	-700 000	-700 000	-280 541	60
551	Kommunale vegar	<b>4 784 958</b>	3 693 304	4 693 304	-91 654	102
553	Gateljos	<b>895 667</b>	345 890	1 005 890	110 223	89
561	Brannvern	<b>3 851 654</b>	3 477 442	3 477 442	-374 212	111
562	Feiing;brannsyn	<b>68 244</b>	-178 000	-178 000	-246 244	-38
570	Bustadføremål - felles	<b>27 466</b>	-6 300	-6 300	-33 766	-436
572	Tilskotsordningar	<b>437 767</b>	600 000	600 000	162 233	73
580	Eigedomsforvaltning - felles	<b>-44 863</b>	-4 996	-4 996	39 867	898
581	Bygningar	<b>20 104 695</b>	17 323 012	19 044 016	-1 060 679	106
582	Uteanlegg	<b>1 193 811</b>	869 722	969 722	-224 089	123
585	Tokkestad	<b>-446 077</b>	996	996	447 073	-
	<b>SUM</b>	<b>40 611 244</b>	31 372 000	37 198 996	-3 412 248	109

### Kommentar til dei største økonomiske avvika:

Ansvar	Tekst	Årsak	Beløp
454	Næringsstiltak	Utgifter til innleie av konsulent Byggesaker er ført på næringskonto. Utbetaling av næringstilskot som er løyvd tidlegare år. Sykkelbygda Dalen.	1 100 961
460	Kart og oppmåling	Meirforbruket skyldast innkjøp av oppmålingsutstyr og	319 291

		oppgradering/konfigurering av Norkart – arealplaner.	
581	Bygningar	Vasskade på kommunal bustad, reinhaldsutstyr til Høydalsmo barnehage, uv-lamper i basseng, Høydalsmo. Ekstrakostnader på strøm. Renovasjonspunkt Høydalsmo skule. Tilrettelegging for voksenopplæring/flyktningbustader. Solavskjerming på Tokke helsecenter.	1 060 679
561	Brannvern	Fleire utrykkingar samanlikna med 2021, dette har resultert i eit overforbruk. Navigasjonsutstyr til bil, 2 stk. Nye sommardekk til brannbil.	374 212

## Næring og samfunnsutvikling

Arbeid med nærings- og stadutvikling er handsaming og oppfølging av søknadar om tilskot, etableringar, initiativ til gjennomføring av ulike prosjekt, arrangement og planar som er relevant innafor arbeidsområdet.

Ordinære søknadar om tilskot vert handsama fortløpende. Vi må ha vedtak i formannskap og kommunestyre ved søknadar over kr. 100.000. I 2022 er det handsoma 18 ordinære saker i tillegg til 4 søknadar som strekker seg over fleire år.

Thor Fine Art	Galleri/rammeverkstad	75000
VTM Museum	Museumsbonde 2022	25000
Lio Auto AS	Investering verkstad/butikk	446376
Åmdals Verk Daglegvare Ass	Kompetanseheving	0
	Investering- og utviklingsstøtte	50000
Per Stordrange AS	Etablering	10000
Sørlandske Div AS	Bandak Camping	100000
Lårdal Tretopphytter AS	Etablering	97000
Jens Jacob Bleikelia	Etablering røyr- mogleg smoltanlegg	55000
Lønstilskot for skuleungdom, ramme kr. 500000		80315
Eingongsstønad til Dalsmarken		50000
Etablering Vidsyn Midjås AS		200000
Aasmundsen Bakeri Telemarksbakern Eft.AS		500000
Etableringav gardsbakeri på Kvåle		75000
Lårdal Vel	opprusting Raudbygget	400000
AS Dalen Hotel	Opprusting tak på hotellet	448000
Sørlandske DIV AS	Opprusting tomt Bandak Camping	40800
		2652491

Figur 1 Oversikt ordinære saker 2022

Tiltak	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Garanti utleige kontor	480000	480000	480000	240000	240000	240000	240000	240000	240000	240000
Prosjektleiing og søknadar	450000	400000	250000	250000						
Forsknig biokull/tretjære	200000									
Prosjektering prøvebustad	200000									
Prøvebustad		2500000								
Industrisatssing i Tokke, forprosjekt	300000									
Vidare utvikling av arrangement	300000	300000	300000							
Moen gard- 4-årig prosjekt	500000	500000	500000	500000						
	8380000	4200000	2670000	1680000	1440000	1200000	960000	720000	480000	240000

Figur 2 Oversikt søknadar som strekker seg over nære ar



Dalen Næringshage vart avvikla i 2022 med bakgrunn i planlagt etablering av Tokke Teknologipark. Dalen Mekaniske AS skal bygge nye lokaler for kontor og butikk, og Tokke kommune har garantert for leige av 8 kontor i 3 år og 4 kontor i ytterlegare 7 år.

Figur 3 Tokke Teknologipark

Kommunestyret vedtok ei ordning med lønstilskot for verksemder som hadde sommarbeid til skuleungdom busett i Tokke kommune. Ordninga var for ungdom mellom 16 og 23 år.

Type verksemd	Tal tilsette	Løyving	Utbetalt
Industri	1	4.500	4.500
Entreprenør, bygg og anlegg	3	27.000	15.830
Landbruk	6	54.000	33.300
Handel og service	2	18.000	18.000
Servering og reiseliv	3	27.000	8.685
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>130.500</b>	<b>80.315</b>

Figur 4 Oversikt bruk av lønstilskot til sommarbeid for skuleungdom frå Tokke



Prosjektet Sykkelbygda Dalen er under arbeid, og i 2022 vart det kjøpt inn diverse utstyr for tilrettelegging for syklande. Innkjøp er finansiert med eksterne og eigne ressursar. Det vart og gjennomført ei spørjeundersøking, i regi av syklistanes landsforbund. Strategiplan med handlingsplan skal ferdigstillast i 2023.

Arbeidet med rulling av næringsplan vart starta opp i 2022, og skal gjennomførast i 2023.

Prosjektrapporten «Ungdommens distriktp panel sine 10 råd» vart vedteke at skal følgjast opp i Tokke. Det er gjennomført ei spørjeundersøking som skal gi innsikt i samband med utarbeiding av ein handlings- og tiltaksplan.

I 2022 er det og arbeidd med å skape møteplassar, både for ungdom og folk flest. Dette arbeidet fortset i 2023.

Andre tiltak:

- Yrkesmesse med fokus møteplassar
- Lunsj for nye innbyggjarar på Dalen Hotell – 50 deltagarar
- Lunsj for næringsdrivande på Eidsborg museum – 30 deltagarar

## Jordbruk

Talet på jordbruksføretak som søkte produksjons- og avløysartilskot gjekk frå 65 i 2021 til 63 i 2022. Talet på føretak med husdyr gjekk ned frå 46 til 44.

### Tilskot etter landbruksplan

Året 2022 har vore prega av høge kostnadar på innsatsfaktorar i jordbruket. Det kan mogleg forklare kvifor vi ikkje har hatt store investeringsprosjekt. Likevel ser vi at vi til saman har løyvd tilskot etter landbruksplan på totalt 690 000. Mykje av dette er mindre investeringar, tilleggsløyvingar og samarbeidsprosjekt i beitelag. Sistnemnde var ei tilleggsløyving som følgje av stort investeringsbehov i beitelaga, medan den statlege ramma var svært avgrensa.

Prosjekt	Tal søknadar	Løyvd tilskot
Oppgradering/nybygg driftsbygning	1	91 000
Nydyrkning	7	254 000
Drenering	3	66 000
Beiteland	3	279 000

### Statlege ordningar – SMIL, drenering og tiltak i beiteområde

Nedanfor visast ei oversikt over tildelte rammer, tal søknadar og totalt løyvde midlar innanfor dei ulike ordningane. For SMIL og drenering er løyvd tilskot høgare enn tildelt ramme, då midlar som vart inndregne i 2022 er tildelt andre prosjekt. For ordninga tiltak i beiteområde hadde vi ei svært avgrensa ramme på kr 40 000. Vi fekk totalt 4 søknadar med ei total tilskotssum på kr. 455 000. Av desse vart ein søknad avslått ettersom den ikkje oppfylte vilkår for tilskot, eitt beiteland fekk heile ramma, medan dei to andre fekk kommunalt tilskot for å møte nokre av kostnadane.

Ordning	Ramme	Tal søknadar	Løyvd tilskot
SMIL	416 000	9	465 000
Drenering	100 000	4	101 780
Tiltak i beiteområde	40 000	4	40 000

## **Forvaltningsoppgåver etter konsesjonslov og jordlov**

I 2022 handsama vi fire konsesjonssøknadar som gjaldt landbrukseigedomar. To av desse vart det sett vilkår om buplikt, ein fekk konsesjon med fritak frå buplikt og ein fekk avslag med omsynet til busetjing. Ein søknad om fritak frå buplikt på bustadhús vart handsama i 2022. Denne vart avslege.

Totalt handsama vi 9 søknadar om deling etter jordlova § 12. Av desse vart 6 søknadar godkjende.

## **Anna**

I 2022 har Tokke kommune også vedteke ny landbruksplan 2023-2026. Denne inneholder visjonar, mål og tiltak for å sikre eit levande landbruk i heile Tokke.

Småbruksprosjektet i Vest-Telemark held fram, og interessa for småbruk er stor. Det har vore tre småbruk i Tokke ute for sal, der to av dei er selde. Eitt av dei fekk også tilskot til sal av tome gardsbruk.

## **Skogbruk**

Virkesprisane fortset å stige i 2022. Gjennomsnittsprisen har auka jamt dei siste 3 åra frå 345,- kr/m<sup>3</sup> i 2020, 434,- kr/m<sup>3</sup> i 2021 for å hamne på 499,- kr/m<sup>3</sup> i 2022.

Barkebillesituasjonen i Tokke er framleis under kontroll, men det finns lokale angrep som er bekymringsfulle. Skogeigarane oppfordrast til å sjå etter skogen sin for å kunne oppdage angrep tidleg. Det er også anbefalt frå Landbruksdirektoratet å hogge hogstmogen gran. Det blei sett ut 86 000 planter og utført ungskogpleie på 479 dekar. Dette er ein auke frå 2021.

Prosjektet med nye skogbruksplanar fortsatte i 2022.

Det blei gjeve 100,- kr/m<sup>3</sup> i kommunalt tilskot til motormanuell hogst i 2022. Det blei utbetala totalt 441 800 kr til 32 skogeigarar.

## **Utmark**

Tildelinga av elg auka frå 189 til 207 frå 2021 til 2022. Felte elgar auka frå 163 til 186 i same periode. Fallvilt av elg fortset å auke til 34 i 2022. For hjort fortset auken i avskytinga til 91 i 2022. All informasjon om statistikk finn ein på hjorteviltregisteret.no. Det er registrert 1 fallvilt av hjort 2022.

Det er framleis mogeleg å nytte seg av Tokke kommune si side på inatur.no til å selje småviltjakt og fiskekort.

Arbeid med kvalitetsnorm i villreinområdet Setesdal Austhei har starta.

Talet på søknadar om motorferdsel har auka noko etter at avstandskravet for løyve til hytte blei redusera frå 2,5 km til 200 meter.

## **Klima og miljø**

Felles klimaplan for Vest-Telemark blei godkjend.

Kanallotteriet heldt fram med lokal premierung i 2022.

Tokke kommune utarbeider klimarekneskap og klimabudsjett. Formålet er å få ned offentlege utslepp av klimagassar. Kommunen jobbar kontinuerleg med å få ned offentlege, lokale utslepp.

## Forvaltning og drift av kommunen sine utmarkseigedomar

Den planlagde hogsten i kommunens skogar i Skafså blei utsett til våren 2023 på grunn av andre prioriteringar i driftsapparatet. Åheim bufelleskap gjer ein kjempejobb med rydding og pynting på Tangane.

Utleige av småviltjakt på Skafsåheia og sal av fiskekort gjev framleis gode inntekter.

## Reiseliv

2022 var ei god sesong. Det har vore mykje folk i sentrum. Pågangen på turistkontoret var ikkje det største, men vi ser ein god etterspørsel etter Soria Moria, Telemarksnanalen, gå turar som Lårdalstigen og Ravnjuv. Det var ein oppgang i førespurnader om unike overnatningsplassar som Birdbox og padlehuk langs Telemarkskanalen. Guiding av turar i sentrum og Rui er etterspurt og har eit stort potensiale som må vidareutviklast i 2023.

Bryggjeområdet er eit populært område der vi har kiosk som betener bobilparkeringa, utleige av SUP/sykkel og diverse andre tilbod. Her må det meir bemanning til dersom vi skal klare å gi den servicen som turistar og kundar etterspør.

Soria Moria er svært populær året rundt, og det er mykje pågang også på vinteren. Det var solide tall for 2022, med besøkande frå heile verda som bookar seg inn. Det har gjeve god omtale i sosiale media, og det er eit godt trekkplaster for Dalen.

Det var store utfordringar i turistsesongen som fylgje av stengt veg store delar av tida over Suleskar. Dette blei heile reise- og næringslivet på Dalen og i Tokke prega av. Det er ei utfordring å skaffe tilstrekkeleg med bemanning. Det er vanskeleg å få søkerar til å fylle alle stillingane. Det er liten pågang av lokal ungdom som søker. Bryggja/kiosken må styrkast med meir tilbod på utleige av SUP, sykkel og andre aktivitetar dersom dette skal satsast på.

## Kart og oppmåling

Det var 10 frådelingssaker, 4 klarlegging av eksisterande grenser, ei arealoverføring og 4 grensejusteringar. Det var mindre aktivitet enn vanleg. Grunnen til dette er mest sannsynleg på grunn av auka byggekostnadar.

Vi har sett i gang eit nytt planarkiv på nett. Det er Arealplanar.no. Med digitalt planregister kan innbyggjarar og interessentar finne fram sjølve.

## Byggesak

Det har vore ein liten auke i byggesaker i 2022 kontra 2021. Det er jamt fordela på eitt trinnsøknadar og meldingssaker. Vidare har det blitt vedtatt ei lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsanlegg, som igjen vil gjere handsaminga meir føreseieleg for både søker og sakshandsamar. Det er og starta eit arbeid omkring digitalisering av byggesøknadar, noko som vil kunne få handsamingstida ned per søknad.

## Arealplanlegging

Reguleringsplan for Dalen ble arbeid mykje med fram til hausten, men etterpå har arbeidet stoppa opp. Grunnen til dette er at kulturminnestyresmaktene kravde undersøkingar i planområdet. Desse undersøkingane blir ikkje utført før sommaren 2023. Planarbeidet tek til att på våren 2023.

Det er ikkje mange nye reguleringsplanar som blir handsama pr. år i Tokke. I 2022 vart det vedteke ein ny plan, og det vart starta opp 2 nye planarbeid. Det er nokre saker om endring av eksisterande planar, men dette er ikkje mange.

I 2022 vart det laga ny trafikktryggleiksplan for Tokke. Denne vart vedteke i kommunestyret i desember.

## Bygg

Mange år med for små budsjett set preg på bygningsmassa. Ny vedlikehaldsplan for 2023-2026 blei vedtatt i kommunestyret i november 2022, der ein ynskjer meir midlar til vedlikehald.

På kommunale utleigebustader vart ein del vindauge bytta samt fornying av elektrisk anlegg. Store delar av Tokke helsesenter blei beisa av sommararbeidarar i 2022, eit arbeid som vil fortsette i 2023. Moen gard blei og beisa.

Ein kommunal utleigebustad blei renovert i 2022.

Utover dette er det utført mykje vedlikehaldsarbeid på bygningsmassen til kommunen, arbeid som ikkje er synleg men vel så viktig.

- Tre elektriske Toyota Proace blei leasa i 2022.

## Investering eigedomsavdeling

- 10 bad/rom avd B er ferdigstilt.
- Medisinrom avd A er ferdigstilt.
- Høydalsmo Barnehage er ferdigstilt.
- Adgangskontroll på Høydalsmo skule og samfunnshus er ferdigstilt.
- Golv i Tokkehallen blei ferdigstilt.
- Nye kjølemaskiner på kommunehuset er installert.
- Oppgradering av lager på kommuneverkstad, nye portar er sett inn.
- Solavskjerming Tokke Helsesenter (delar av bygget)

Det er også sett i gang nokre forprosjekt på framtidige investeringsprosjekt.

Bilete frå før og etter oppussing av bad på helsehuset, totalt 10 stk:



Før og etter i Tokkehallen



## Reinhold

2022 blei også eit hektisk år for reinhaldsavdelinga til kommunen, då det er stadig fleire bygg som blir tilknytt kommunalt reinhald. Tokke kommune har 18 reinhaldarar fordelt ut på dei kommunale bygga, der nokon er fast på ein plass og andre er ambulerande.

Det blei kjøpt inn fleire reinhaldsmaskiner for å gjere arbeidsdagen lettare for reinhaldarane.

Tokke kommune har kjøpt inn eit program for å digitalisere reinhaldsplana. Mange av reinhaldarane er i gang med å bruke dette, med gode tilbakemeldingar, og det fungerer godt. Reinhold overtok den eine bilen etter VA, slik at det er to bilar på reinhald nå.

Det blei tilsett to nye reinhaldarar. Prisen som årets reinhaldar Fagforbundet i Vestfold og Telemark gjekk til ein av reinhaldarane i Tokke kommune.

## Avvik egedomsavdeling

Det har kome totalt 11 avvik på egedomsavdelinga i 2022, nokre avvik er ikkje lukka, då avviket gjeng på innemiljø/luftkvalitet på Tokke Skule. Resten av avvika er lukka.

## Brann

Tokke Brann og Redning hadde eit normalår når det gjaldt talet på utrykkingar/oppdrag, som til saman blei 64 utrykkingar/oppdrag i 2022. Talet på utrykkingar er ein liten oppgang frå 2021, frå 57 til 64.


Ein brannkonstabel blei ferdig med grunnkurs som brannkonstabel, og 2 stk. tok kode 160 (utrykkingskjøring). Nå har alle brannkonstablane i Tokke brann og Redning grunnkurs som brannkonstabel.

Det har blitt bestilt ny tankbil, som etter planen kjem i november 2023.

Tokke Brann og Redning hadde to nedbrenningsøvingar i 2022.

## Avvik brann og redning

Det er registrert 3 avvik på brannvesenet, dei er alle lukka.



### **Drift kommunal veg**

Av året 2022 blei mykje av tida bruka til ordinært vedlikehald som brøyting, skraping, lapping, salting og kantslått langs kommunal veg. Me ser som tidlegare nemnt i vegplan for 2022 at der er behov for å auke standarden på vegane, då me ser at mykje av tid og resursar gjeng til vedlikehald, som kunne vore luka vekk om ein betra standarden på vegen. Det blei utført ein del grøfterensk i Modalen.

### **Avvik kommunal veg**

Det er totalt 9 avvik på ute avdelinga, alle er lukka.

### **Investering kommunal veg og uteanlegg**

På investering communal veg blei det gjort ein del tiltak på Håvbeitvegen og i Modalen. Det blei også bytta ut gateljos Talleiv Hvestad veg(fram til Hakesflot Vest), Moensjordet, Gangbru Hvestad og Tønsbergkrysset-Åsland (i samarbeid med Vestfold og Telemark Fylkeskommune).

Steinmoloen på Dalen Bryggje vart graven vekk og erstatta med betongflytebrygger. Uteavdelinga hadde ein del arbeid med dette prosjektet.

### **Maskiner og Maskinplan**

Ny tankbil til Tokke Brann og Redning blei bestilt i juni, der det er estimert 16-18 månaders leveringstid på. Då denne blei bestilt, blei midlane for 2022 flytta til 2023.

Det er framleis eit stort behov for permanent lagringsplass og vaskehall til kommunen sine bilar og utstyr.

### **Vatn og avlaup**

#### **Drift generelt**

Drifta går stabilt og bra, men det har vore redusert bemanning grunna sjukdom. Ein driftsoperatør blei tilsett og ein driftsoperatør gjekk av med pensjon. VA-ingeniøren vil i løpet av fyrste kvartal avslutte si stilling.

## Avvik vatn og avlaup

Det er registrert 11 avvik i 2022. Alle er lukka. Alle har samanheng med driftssituasjonar, slik som overløp, straumutfall og teknisk svikt i styringssystem.

## Utfordringar- planar 2022

- Utarbeide standardar for korleis vatn- og avløpsanlegg skal utførast i kommunen (VA-norm)
- Framleis ha fokus på lekkasje på avløpsnett.
- Bestemme kva ein gjer med «våtslam» frå Åmdals Verk, Lårdal og Hallbjønnsekken RA. Optimalisere slamhandsaming i Dalen eller Høydalsmo reinseanlegg, og vurdere løysing for sentral av vatning.
- Halde fram med oppdatering av interne vedlikehaldsplanar, prosedyrar og dokumentasjon.
- Gjennomføre vedlikehald av bygg i høve til vedlikehaldsplan
- Utbetring av høgdebasseng i samband med utarbeidning av farekartlegging

## Investeringsprosjekt

- Ny innløpsrist Høydalsmo reinseanlegg
- Oppstart på nytt byggefelt i Høydalsmo, der vatn og avlaup var med
  - Bytte grunnvasspumper og ny automasjon Hallbjønnsekken VB
- Bygging/rehabilitering av Hallbjønnsekken reinseanlegg blei utsett på grunn av høge kostnader. Ser på alternative løysingar. Planlegg å ha ei endeleg løysing i 2023 som blir politisk vedtatt.

Bilete er av innløpsrist Høydalsmo RA



## Utfording i etaten frametter.

Etaten vil bli delt, og det skal tilsettast ein nye kommunalsjef på teknisk, to nye ingeniørar og ein ny fagleiar på ute avdelinga.

Det kjem og to nye tilsette på ute avdeling og ein ny vaktmeistar. Dette vil på sikt gjera det lettare for mellomleiarar å få tid til sine arbeidsoppgåver

Det vil også bli meir personalansvar på mellomleiarar, då talet på mellomleiarar skal reduserast der det blir meir fagansvar på fagleiarar.

Mengda av investeringsprosjekt er ein utfordring for etaten, då etaten vi vera underbemanna i kvartal ein til tre i 2023. Det er høgt arbeidspress, og det er viktig at alle forstend at nokre saker må ligge på vent til ein har tid til å gjere det riktig.

## INVESTERINGSBUDSJETTET

<b>Prosjekt: Oppgradering avd B</b>			
Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.22	Kommentar
3 009 164	4 500 000	3 009 164	Bruk av eigne arbeidarar, samt god planlegging og tilrettelegging, resulterte i ein låg kostnad per baderom.
<b>Prosjekt: Nytt låsestystem kommunale bygg</b>			
Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
630 290	600 000	981 001	Pågåande prosjekt som har 600 000 til bruk i 2023, der det står att 218 999.
<b>Prosjekt: Ombygging medisinrom helseenteret</b>			
Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
517 982	575 004	517 982	57 018 i underforbruk, rommet står ferdig og prosjektet er ferdig.
<b>Prosjekt: Oppgradering av golv i Tokkehallen</b>			
Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
1 326 379	1 333 192	1 903 192	Prosjektet gikk med 6 808 i overskot, prosjektet er heilt ferdig.
<b>Prosjekt: Opprusting av kommunale bygg</b>			
Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
436 200	713 704	1 162 493	Prosjektet er pågående over fleire år og bygg takast etter tur

<b>Prosjekt: Kommunale uteleigebustad, opprusting</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
329 494	1 424 444	3 634 285	Prosjektet er pågående over fleire år, og ein må vente til utskifting av bebuarar, difor eit mindre forbruk i 2022.
<b>Prosjekt: Ombygging av bad helsecenteret</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
75 440	750 000	1 061 011	Pågående prosjekt, vil vidareførast i 2023
<b>Prosjekt: kommuneverkstaden</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
425 178	458 972	666 207	Pågående prosjekt, vil vidareførast i 2023
<b>Prosjekt: Enøk – styringssystem</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
788 276	1 588 344	3 849 933	Pågående prosjekt, vil vidareførast i 2023
<b>Prosjekt: Omsorgsbustader</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
340 964	7 988 308	352 655	Pågående prosjekt, vil ha oppstart i 2023 og slutførast i 2024.
<b>Prosjekt: Ny Høydalsmo barnehage</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
14 650 420	15 540 792	24 009 627	Barnehagen er ferdigstilt, midlar blir halde tilbake grunna avvik.
<b>Prosjekt: Nytt UV-anlegg Hallbjønnsekken</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
0	450 000	0	Prosjektet må sjåast i samanheng med forprosjekt på nytt anlegg.
<b>Prosjekt: Oppgradering driftsovervåking 2022</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
239 985	525 992	563 989	Pågående prosjekt, vil vidareførast i 2023

**Prosjekt: Ristgodsmaskin reinseanlegg Høydalsmo**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
483 392	400 000	483 392	Prosjektet er ferdig, blei ein meir kostnad grunna dyrare utstyr enn berekna.

**Prosjekt: Utbygging av VA Hallbjønnsekken**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
28 330	0	1 298 547	Eit prosjekt som har vore pågåande i fleire år, me ynskjer å bestemme løysing i 2023.

**Prosjekt: Opparbeidning av næringsareal**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
0	515 892	9 074 715	Prosjektet omhandler næringsareal i Høydalsmo.

**Prosjekt: Opparbeidning av bustadtomter**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
655 469	834 260	890 208	Prosjektet er pågående.

**Prosjekt: Bustadtomter Åmdals Verk**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
0	500 000	0	Ikkje påbegynt, grunna andre prioriteringar, startar i 2023.

**Prosjekt: Kaup og opparbeidning bustadtomter Høydalsmo**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
13 757 789	17 903 580	16 654 214	Asfaltering i 2023

**Prosjekt: Dalen kanalbåtbryggje, konstruksjon**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
93 750	1 000 000	93 750	Oppstart hausten 2023, kostnader til nå er på prosjektering

**Prosjekt: Oppgradering av bobilparkering Dalen**

Rekneskap (2022)	Budsjett – 2022)	Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.	Kommentar
134 885	0	134 885	Det er løyva midlar i 2023. Det vart påbegynt prosjektering i 2022.

<b>Prosjekt: Oppgradering Dalen bryggje, steinmolo</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
4 296 450	4 000 000	4 296 450	Prosjektet er ferdigstilt i 2022, mindre overskridning av budsjett
<b>Prosjekt: Trafiksikringstiltak</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
0	477 432	1 797 570	Pågående prosjekt over fleire år
<b>Prosjekt: Kommunale vegar</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
2 607 989	1 710 000	2 607 989	Håtveitvegen gjekk med overforbruk. Dette har gjort til at utbetring av vegen i Modalen er redusert i omfang. Overforbruk på 897 989,-. Det blei asfaltert frå FV 38 og til bru i Modalen, ca 380 meter.
<b>Prosjekt: Utskifting av gateljos</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
518 698	460 000		Pågående prosjekt, mange lys er no overlevert til fylkeskommunen, dette vil spare kommunen vedlikehaldskostnader  Hakesflot, Monsjordet og delar av Talleiv Huvestadveg er ferdig  Tønsbergkrysset- Åsland er ferdig.
<b>Prosjekt: Skilting kommunale vegar og adresser</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
91 545	325 004	91 545	Skilt og fundament er kjøpt inn, vil bli sett opp i løpet av 2023.
<b>Prosjekt: GS-veg Vistadmoen</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
84 542	0	0	Oppstart av prosjekt, løyvde midlar i 2023 budsjett
<b>Prosjekt: Trafikkplan vidaregåande skule, kulturhus</b>			
<b>Rekneskap (2022)</b>	<b>Budsjett – 2022)</b>	<b>Samla kostnad på prosjektet pr. 31.12.</b>	<b>Kommentar</b>
117 800	250 000	117 800	Oppstart av prosjektering, prosjektering ferdigstillaast i 2023, mogleg oppstart sommarferien 2024

## Vedlegg nr. 1: Saker til handsaming i kommunestyret

Saksnummer	Dato for handsaming	Tittel på sak
2022/52	20.01.22	Søknad om garanti for utleige av kontorplass - Dalen Mekaniske
2022/37		Tokke kommune sitt høyringssvar - eventuell deling av Vestfold og Telemark
2022/225	08.03.22	Søknad om permisjon frå vervet som medlem i kommunestyret - Tom Ivar Gulseth
2022/473		Søknad om fritak frå leiarvervet i Laila Taraldlien
2022/630		Status og slutføring av fiberutbygging i kommunen
2022/516		El-bilar, ladepunkt og betaling
2022/607		Straumkompensasjon til Tokkebuarar med Rauland Kraft som leverandør
2022/128		Rekruttere og behalde sjukepleiarar i institusjon
2022/98		Søknad om kommunalt tilskot til nytt tilbygg - Lio Auto AS
2022/422		Fastsetjing av forskrift om bruk av telt mv på Tangane friluftsområde i Tokke
2022/543		104/2,3 - Reguleringsplan for Granaroi - Slutthandsaming
2022/233		Finansiering av opparbeiding infrastruktur bustadfelt Bakken aust
2022/184		Planprogram reguleringsplan Dalen - endeleg vedtak
2022/109		Oppfølgjing av konsesjons- og bupliktsaker i Tokke
2022/166		Søknad om barnehageplass i Vinje kommune I
2022/625		Søknad om barnehageplass i Vinje kommune II
2022/590		Trygt heim for ein 50-lapp
2022/648		Søknad om opning av Åmdals Verk barnehage
2022/478		Vurdering av miljøterapeut
2022/588		Friby
2022/646		Støtte til hjelpearbeidet i Ukraina
2022/884	05.04.22	Kommunal støtte til hjelpearbeid for ukrainske flyktninger
2022/671		Fast organisering av Nidelva vassområde
2022/911		Høyring om ny domstolstruktur
2022/853		Lønstillskot til sommararbeid for skuleungdom i Tokke kommune
2022/172		21/39 - Endring av reguleringsformål - Lårdal alderspensionat
2022/958		Lærlingplassar i Tokke kommune
2022/633		Startlån
2022/1088	10.05.22	Årsmelding og rekneskap for Tokke kyrklege fellesråd - 2021
2022/1262		Innføring av takstbruk i den kommunale fysioterapitenesta
2022/1295		Søknad om fritak frå politiske verv
2022/793		Auka ramme på kommunalt tilskot til motormanuell hogst

Saksnummer	Dato for handsaming	Tittel på sak
2022/481		Skiltplan Tokke kommune
2022/174		123/31 - Framlegg til reguleringsplan for Digernes II - Slutthandsaming
2022/1295	31.05.22	Søknad om fritak frå politiske verv - andre gongs handsaming
2022/931		Innspel til betre lokale polititenestar
2022/896		ROS-analyse Tokke kommune 2022 - 2025
2022/1346		Budsjettrapportering 1.kvartal 2022
2022/1263		Oppstart arbeid bustadpolitisk handlingsplan 2022 - 2027
2022/1286		Søknad om støtte - Vidsyn Midjås AS
2022/1492		Etablering av bakeriutsalg og møteplass på Dalen
2022/1614		Søknad om midlar til reparasjon av tankmolo/ladestasjonsbrygge i Lårdal
2022/594		Auka finansieringsbehov for innkjøp av ny tankbil - Tokke brannvesen
2022/1654		Budsjett 2023 - Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026, budsjettprosess
2022/1615		Årsmelding for Tokke kontrollutval - 2021
2022/1565		Nullvisjon - høyringssvar
2022/1237		Årsmelding og kommunerekneskap for driftsåret 2021
2022/1346		Investeringsbudsjettet 2022 - rapportering og revidering pr 31.05.2022
2022/1442		Lönssamarbeid Tokke - Fyresdal
2022/1399		Rask psykisk helsehjelp - samarbeid i Vest Telemark
2022/1577		Evaluering av fritidstiltak for elevar ved Vest - Telemark vidaregåande skule
2022/171		Vurdering av stimuleringsordning i samband med Småbruksprosjektet
2022/1590		Prosjekt Frå haldning til handling
2022/801		Prosjektplan - Oppfølging av Ungdommens distriktpanel sine 10 råd
2022/109		Innspel til handlingsprogram for fylkesvegane 2023 - 2032
2022/643		123/7 - Framlegg til reguleringsplan Fyrå - Slutthandsaming
2022/1729		Revidering av vedtekter for H.N. Breilands legat
2022/1241		Prinsipp for SLT-arbeid i Tokke
2022/1742		Tilskot til utbetring av skiløyper på Hallbjønnsekken (Skafshåheim)
2022/1820		Søknad om underskotsgaranti
2022/233	29.09.22	Løyving til kulturminneregistrering i samband med ny reguleringsplan for Dalen
2022/2283		Val av representantar til Tokke ungdomsråd- funksjonstid 011022-300923
2022/2276		Årsmelding for Tokke eldreråd for 2021
2022/1346		Budsjettrapportering 2.kvartal 2022
2022/1736		Revidering av det politisk delegeringsreglementet

Saksnummer	Dato for handsaming	Tittel på sak
2022/1281		Vurdering av driftstilskott fysioterapi
2022/107		Oppgradering av helseenteret - moglegheitsstudie
2022/2199		Forprosjekt om industriutvikling i Tokke
2022/539		Endeleg vedtak felles klimaplan for Vest-Telemark
2022/2252		Bygdevekstavtale for kommunene i Vest-Telemark
2022/2139		Søknad om støtte til opprusting av Raudbygget
2022/2313		Frå leige til eige
2022/2437	01.11.22	Vestfold og Telemark fylkeskommunes handlingsprogram for fylkesvegnettet 2024 – 2027, invitasjon til spleiselas
2022/577		Avslutning av revisjonssaka - Tokke/Vinje kraftanlegg
2022/2516		Vedlikehaldsplan kommunale bygg 2023-2026
2022/2540		Maskinplan 2023-2026
2022/841		Lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn - endeleg godkjenning
2022/2616		Høyringsuttale til Sykkelsstrategi for Vesfold og Telemark
2022/2525		Omdanning av selskapsform - Vest-Telemark Driftssenter
2022/1346	29.11.22	Budsjettrapport 3.kvartal 2022
2022/2640		Revidering av overordna handlingsplan mot vald i nære relasjoner
2022/2377		Dalsmarken - vidare utvikling av arrangement
2022/2640		Søknad om støtte til utbetringar og vedlikehald - AS Dalen Hotel
2022/2377		Evaluering av Heim for ein 50 - lapp
2022/2647		Arbeid med oppvekstplan i Tokke kommune
2022/2659		Tilstandsrapport 2022
2022/2655		Val av styrerepresentant til Tokke frivilligsentral
2022/2745		Organisering og deling av oppgåve- og ansvarsomårde i PNT
2022/1654	13.12.22	Budsjett 2023 - Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 - kommunedirektørens framlegg
2022/2538		Søknad om utstillingslijos - Vest-Telemark museum
2022/2581		Spelemidlar 2023
2022/2667		Ønskje om å vidareføre Bygdesoga for Lårdal herad
2022/2666		Søknad om midlar til ny trakkemaskin til Høydalsmo IL
2022/1797		Godkjenning av samarbeidsavtale om vassområdekoordinator Nidelva og Gjerstad-Vegårshei
2022/2916		Endring av selskapsavtale for Vest-Telemark pedagogisk-psykologiske teneste (PPT) - IKS
2022/2838		Møteplan 2023
2022/134		Trafikksikringsplan for Tokke kommune 2023-2026 - slutthandsaming
2022/215		Landbruksplan for Tokke kommune 2023 - 2026 - Endeleg vedtak

<b>Saksnummer</b>	<b>Dato for handsaming</b>	<b>Tittel på sak</b>
2022/2396		Søknad om prosjektmidler til nytte av Moen Gard som inkluderande og alternativ opplæringsarena - Vest-Telemark VGS
2022/2852		72/47 - Sal av tomt 2 Høydalsmo - Vest-Telemark Næringsutvikling
2022/2808		Kjøp av leilighetar i Høydalsmo - førespurnad frå Vest-Telemark Næringsbygg AS
2022/2927		Tilskot til kjøp av bustad og restaurering av eldre bustadar for ungdom under 35 år
2022/2365		Oppmoding om busetjing av flyktingar i 2023

## Vedlegg nr. 2: Saker til handsaming i formannskapet

Saksnummer	Dato for handsaming	Tittel på sak
2022/166	16.02.22	Oppgradering av Tokke skule
2022/607		Rekruttere og behalde sjukepleiarar i institusjon
2022/615		El-bilar, ladepunkt og betaling
2022/127		Støtte til museumsbonde 2022- Vest-Telemark Museum
2022/51		Søknad om tilskot til etablering av galleri og rammeverkstad - Thor Fine Art Photography AS
2022/128		Søknad om kommunalt tilskot til nytt tilbygg - Lio Auto AS
2022/184		Oppfølgjing av konsesjons- og bupliktsaker i Tokke
2022/279		Kvito AS - Søknad om koronakompensasjon
2022/42		23/46 - Søknad om parkeringsareal - Brunvoll Mar-el AS
2022/174		123/31 - Utarbeiding av reguleringsplan Digernes II, 1. gongs handsaming
2022/643		123/7 - Framlegg til reguleringsplan Fyrå - 1 gongs handsaming
2022/233	02.03.22	Planprogram reguleringsplan Dalen - endeleg vedtak
2022/109		Innspel til handlingsprogram for fylkesvegane 2023 - 2032
2022/422		104/2,3 - Reguleringsplan for Granaroi - Slutthandsaming
2022/478		Søknad om opning av Åmdals Verk barnehage
2022/625		Søknad om barnehageplass i Vinje kommune I
2022/590		Søknad om barnehageplass i Vinje kommune II
2022/588		Vurdering av miljøterapeut
2022/648		Trygt heim for ein 50-lapp
2022/646		Friby
2022/633		Startlån
2022/235		Søknad om tilskot til vedlikehald av Mo grendehus
2022/630		Status og slutføring av fiberutbygging i kommunen
2022/516		Straumkompenasjons til Tokkebuarar med Rauland Kraft som leverandør
2022/911	23.03.22	Høyring om ny domstolstrukur
2022/671		Fast organisering av Nidelva vassområde
2022/884		Kommunal støtte til hjelpearbeid for ukrainske flyktningar
2022/130		Sal av næringstomt nr. 2 Høydalsmo - Vest-Telemark Næringsbygg AS
2022/748		Søknad om tilskot til etablering og opprusting - Bandak Camping
2022/172		21/39 - Endring av reguleringsformål - Lårdal alderspensionat
2022/130		Sal av næringstomter på Høydalsmo - Nordstoga
2022/836		Søknad om kommunal støtte til prosjektplanlegging og etablering av avløpsrør i FV 3402

Saksnummer	Dato for handsaming	Tittel på sak
2022/54		19/21 - Søknad om dispensasjon jf pbl §19-2 til oppføring av ny hytte
2022/853		Lönstilskot til sommararbeid for skuleungdom i Tokke kommune
2022/948		Busetting av Ukrainske flyktningar - ny oppmoding 2022
2022/958		Lærlingplassar i Tokke kommune
2022/235	27.04.22	Søknad om tilskot til vedlikehald av Mo grendehus
2022/514		Kommunal tiltaksstrategi for prioritering av midlar til drenering og tiltak i beitefelt i 2022
2022/880		Søknad om tilskott til Dalsmarken
2022/174		123/31 - Framlegg til reguleringsplan for Digernes II - Slutthandsaming
2022/1302		Finansiering av deltaking i Telemarksveka 2022
2022/893		Utlysing av stilling som driftsoperatør/ rørleggar på VA-avdelinga
2022/1346	18.05.22	Budsjettrapportering 1.kvartal 2022
2022/931		Innspel til betre lokale polititenestar
2022/1448		Søknad om utvida skjenkeareal ute rundt Finstøga i Sentrumsbygg.
2022/1492		Etablering av bakeriutsalg og møteplass på Dalen
2022/1286		Søknad om støtte - Vidsyn Midjås AS
2022/880		Søknad om tilskott til Dalsmarken
2022/1263		Oppstart arbeid bustadpolitisk handlingsplan 2022 - 2027
2022/594		Auka finansieringsbehov for innkjøp av ny tankbil - Tokke brannvesen
2022/1331		143/3 og 143/24 - Søknad om dispensasjon frå plankrav for frådeling og etablering av næringsområde på Åmdals Verk
2022/1237	02.06.22	Årsmelding og kommunerekneskap for driftsåret 2021
2022/1442		Lönssamarbeid Tokke - Fyresdal
2022/1281		Vurdering av driftstilskott fysioterapi
2022/1399		Rask psykisk helsehjelp - samarbeid i Vest Telemark
2022/134		Rullering av trafikksikringsplan - oppstart
2022/107		Oppgradering av helseenteret - moglegheitsstudie
2022/1617		Oppgradering av grøntanlegg - Dalen sentrum
2022/801		Prosjektplan - Oppfølging av Ungdommens distriktspanel sine 10 råd
2022/1600		Vurdering av mogleg kompensasjonsordning for jordbruket i Tokke
2022/539		Endeleg vedtak felles klimaplan for Vest-Telemark
2022/1241		Prinsipp for SLT-arbeid i Tokke
2022/1577		Evaluering av fritidstiltak for elevar ved Vest - Telemark vidaregåande skule
2022/1603		Ressursar på Høydalsmo skule

Saksnummer	Dato for handsaming	Tittel på sak
2022/643		123/7 - Framlegg til reguleringsplan Fyrå - Slutthandsaming
2022/1736	13.09.22	Revidering av det politisk delegeringsreglementet
2022/1346		Budsjettrapportering 2.kvartal 2022
2022/1820		Søknad om underskotsgaranti
2022/1866		Søknad om tilskot til oppstart av gardsbakeri
2022/1939		Søknad om tilskot til investeringar og utvikling- Åmdals Verk daglegvare AS
2022/1965		Søknad om støtte til prosjektet VR Hardangervidda og økologisk rollespill
2022/2139		Søknad om støtte til opprusting av Raudbygget
2022/2252		Bygdevekstavtale for kommunene i Vest-Telemark
2022/2199		Forprosjekt om industriutvikling i Tokke
2022/2266		Avtale om minibank på Dalen
2022/539		Endeleg vedtak felles klimaplan for Vest-Telemark
2022/1281		Vurdering av driftstilskott fysioterapi
2022/215		Orientering om status for landbruket i Tokke i samband med revidering av landbruksplan
2022/2313		Frå leige til eige
2022/134		Framlegg til trafikksikringsplan for perioden 2023 - 2026
2022/249		118/2 - Klage på avslag - Dispensasjon frå plankrav for frådeling av tomt
2022/2106		81/3 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av hytte/ hus
2022/543		Tilleggsløyving ved opparbeiding av infrastruktur Bakken aust
2022/1433		Endring av føremål i reguleringsplan Høydalsmo aust - Camping til leilegheiter
2022/2263		Kompensasjon for tapte verdier
2022/1736	20.09.22	Revidering av det politisk delegeringsreglementet
2022/539		Endeleg vedtak felles klimaplan for Vest-Telemark
2022/215		Orientering om status for landbruket i Tokke i samband med revidering av landbruksplan
2022/134		Framlegg til trafikksikringsplan for perioden 2023 - 2026
2022/543		Tilleggsløyving ved opparbeiding av infrastruktur Bakken aust
2022/1433		Endring av føremål i reguleringsplan Høydalsmo aust - Camping til leilegheiter
2022/1654	21.10.22	Budsjett 2023 - Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 - kommunedirektørens framlegg
2022/2444		Søknad om støtte til yrkesmessa 2022
2022/2540		Maskinplan 2023-2026
2022/2516		Vedlikehaldsplan kommunale bygg 2023-2026

Saksnummer	Dato for handsaming	Tittel på sak
2022/543		Tilleggsløyving ved opparbeiding av infrastruktur Bakken aust
2022/215		Landbruksplan for Tokke kommune 2023 - 2026 - Høyringsutkast
2022/841		Lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn - endeleg godkjenning
2022/577		Avslutning av revisjonssaka - Tokke/Vinje kraftanlegg
2022/2437		Vestfold og Telemark fylkeskommunes handlingsprogram for fylkesvegnettet 2024 – 2027, invitasjon til spleiselag
2022/1654		Tilleggsløyving - omsorgsbustadar
2022/2666	17.11.22	Søknad om midlar til ny trakkemaskin til Høydalsmo IL
2022/1864		Søknad om støtte til konsert
2022/2538		Søknad om utstillingsljos - Vest-Telemark museum
2022/2293		Søknad om støtte til nye uniformar Tokke skulemusikk
2022/648		Evaluering av Heim for ein 50 - lapp
2022/1654		Budsjett 2023 - Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 - kommunedirektørens framlegg
2022/2447		Søknad om økonomisk stønad til utbetring av veg frå Flekstveit til Lindeviki
2022/2745		Organisering og deling av oppgåve- og ansvarsomårde i PNT
2022/2660		Svar på søknad om støtte til museumsbonde 2023
2022/2670		Søknad om støtte til utbetringar og vedlikehald - AS Dalen Hotel
2022/2377		Dalsmarken - vidare utvikling av arrangement
2022/2667	07.12.22	Ønskje om å vidareføre Bygdesoga for Lårdal herad
2022/2581		Spelemidlar 2023
2022/2870		Søknad om å få auke støtte til 10. klasse tur
2022/134		Trafikksikringsplan for Tokke kommune 2023-2026 - sluthandsaming
2022/215		Landbruksplan for Tokke kommune 2023 - 2026 - Endeleg vedtak
2022/2396		Søknad om prosjektmidler til nytte av Moen Gard som inkluderande og alternativ opplæringsarena - Vest-Telemark VGS
2022/2738		Oppstart for revidering av Næringsplan 2023-2026
2022/2776		Søknad om støtte til opprusting av tomt- Bandak Camping
2022/2852		72/47 - Sal av tomt 2 Høydalsmo - Vest-Telemark Næringsutvikling
2022/2796		NOU 2022:10 - inntektssystemet for kommunane, høyring
2022/2808		Kjøp av leilighetar i Høydalsmo - førespurnad frå Vest-Telemark Næringsbygg AS
2022/2838		Møteplan 2023
2022/249		118/2 - Klage på vedtak om frådeling

## Vedlegg nr. 3: Status i planstrategien

Revisjon, år	2021	2022	2023	2024	STATUS
<b>Rådmannen/sentraladministrasjonen</b>					
<b>Arkivplan</b>		X			Under arbeid
<b>Beredskapsplan</b>	X				Ferdig
<b>Vald i nære relasjoner</b>			X		Ferdig – overordna plan
<b>Kompetanseplan</b>	X				Vedtek og ferdig
<b>Plan, næring og teknisk etat</b>					
<b>Arealdelen</b>	X	X			Ikkje påbyrja – starte i haust
<b>Sti- og løypeplan Setesdal Austhei (NY)</b>			X		2023
<b>Reguleringsplan Dalen</b>	X				Under arbeid
<b>Reguleringsplan Høydalsmo</b>				X	2024
<b>Reguleringsplan Åmdals Verk</b>		X			Ikkje påbyrja
<b>Landbruksplan</b>	X				Ferdig
<b>Næringsplan</b>		X			Under arbeid
<b>Trafikksikringsplan</b>				X	2024
<b>Hovudplan for vann og avlaup</b>			X		2023
<b>Felles kommunal klimaplan (NY)</b>	X				Ferdig
<b>Plaststrategi (2018)</b>					Ferdig
<b>Oppvekst, kultur og idrettsetaten</b>					
<b>Plan for kultur og frivillighet (NY)</b>			X		2023
<b>Utviklingsmål for barnehage og skule</b>		X			Ikkje påbyrja
<b>Frå haldning til handling (NY)</b>	X				Under arbeid
<b>Barne- og ungdomsplan</b>			X		2023 – som del av oppvekstplan
<b>Plan for idrett, fysisk aktivitet og</b>			X		2023

Revisjon, år	2021	2022	2023	2024	STATUS
<b>Helse- og omsorgsetaten</b>					
Rusmiddelpolitisk handlingsplan			X		Må takast etter valet
Folkehelseplan/-strategi (NY)				X	2024
Bustadsosial handlingsplan	X				Under arbeid
Helse- og omsorgsplan				X	2024
Plan for helse og sosial beredskap	X	X	X	X	Fortløpende
Plan for habilitering og rehabilitering		X			Under arbeid